

Jutulsen

2019

Årgang 23
Årsskrift frå Vågå Historielag



Jutulsen

2019

Årgang 23
Årsskrift frå Vågå Historielag

Redaktør: Knut Raastad

Annonser: Dag Aasheim

Tilrettelegging for trykk: Visus, Lom
Trykk: Dalegudbrands trykkeri

Vågå Historielag vil rette stor takk til alle som har medverka til utgjeving av Jutulsen 2019. Stor takk til artikkelforfattarane som har kome med interessante, lokalhistoriske artiklar! Vidare går takken til dei som har lånt ut bilete, til annonsørane og elles andre som har gjeve god hjelp.



Gjendesheim. Foto frå Ragnvald Berg, Vågå historielags fotoarkiv

Framsida: Frå Gjendesheim. Heimreise frå arbeid på Gjendesheim og Gjendebru hausten 1953. F.v.: ukjent, Harald Ramen, Berit Frikstad Steineide, Anne Aabakken Hovden, Ragna Plassen, Aud Skogstad, Jens Skogstad, Kari Groven Skogstad, Jorun Kamhaugen Tho, Kristian Sveen, Marit Nettet Haugom, Ragnhild Skjellum, Jørgen Ødegård, Per Skjellum, Marit Kluften, Magnhild Skjellum, Ivar Sæte (sjåfør på bussen), Kari Skjellum. Foto frå Ragna Plassen, namna av Kari G Holen og Asbjørn Kvarberg.

Innhald

| | |
|--|----------|
| Claus Krag: Portrettene av H.P.S. Krag og Hermana Krag | side 4 |
| Knut Raastad: Risgraut som julekveldsmat | side 7 |
| Knut Raastad: Stortingsmenn frå Vågå | side 8 |
| Helene Hovden: Frå Sundstugu til Løvebakken | side 15 |
| Helene Hovden: Juletreffest i Sundstugu | side 19 |
| Eirik Haugen: Peder Knudsen Bakken, evnerik vagver | side 20 |
| Vegard Veierød: Kleber, skifer, kalkstein og kvernsteinbrudd | side 22 |
| Knut Ryen: Ørnberget i Finnaret | side 30 |
| Arne Ryen. Kveinnstein frå Lalm | side 32 |
| Anmodning til Velocipedryttere | side 34 |
| Arve Danielsen: Kvalfangarane frå Lalm | side 36 |
| Tor Henning Evensen: Randsverk Turiststasjon/Tronhus | side 42 |
| Knut Raastad: Frå Sande til Sikkilsdalen | side 56 |
| Ivar Viste Flatum: Rokkemorokkane | side 63 |
| Knut Raastad: Småhistorier frå gamle dagar | side 68 |
| Ivar Teigum: Embetsmenn i Vågå 1680-1720 | side 70 |
| Knut Raastad: Knivstikking og drap i Nordherad | side 86 |
| Arkivet og doktorgradsavhandling | side 89 |
| Torunn Kveen: Så vel i vadmél, som i fløyel og på stas | side 90 |
| Solrun Snilsberg: Husmenn kunne ha ei aktiv rolle | side 92 |
| Ivar Kleivens testamente | side 94 |
| Dag Aasheim: Vågå Historielag 90 år | side 97 |
| Vågå Historielag: Årsmelding 2018 | side 107 |

Portrettene av H.P.S. og Hermana Krag

Av Claus Krag

Portrettene av H.P.S. Krag og Hermanna Krag er en gave til Vågå Historielag fra slekten Krag.

Hans Peter Schmitler Krag (Vågå-presten), 1794–1855, hadde til sammen 9 barn, 4 sønner og 5 døtre. Disse var (i en oppregning med eldste først og yngste sist): Thomas Peter, Sophie Bolethe, Peter Rasmus, Sophie Fredrikke, Hans Hagerup, Marie Dorothea (født i Vågå 1831), Maren Oline (født i Vågå 1834), Ole Herman (født i Vågå 1837), Hanna Hermana (født i Vågå 1841).



Den eldste sønnen, Thomas Krag (1821–1857), var filolog og språklærer ved sjøkrigsskolen i Horten, og overlevde sin far med bare to år. Han hadde en datter, men ikke senere etterslekt.

Det er derfor sannsynlig at portrettene etter Vågå-prestens død er gått til hans nesteldste sønn, Peter Rasmus Krag (1825–1891; født i Grong). Han var artilleri- og ingeniøroffiser og aktiv som leder av veiutbygging flere steder i Sør-Norge, lengst med stasjon i Kristiansand, og var også i en årrekke stortingsrepresentant.

De mest kjente av Vågåprestens barn er ellers Hans Hagerup Krag (1829–1907; født i Grong), som var artilleri- og ingeniøroffiser, og veidirektør 1874–1903; og Ole Herman Krag (1837–1916; født i Vågå), også han artilleri- og ingeniøroffiser, men forøvrig geværkonstruktør (Krag-Petterson-geværet og Krag-Jørgensen-geværet) og direktør for Kongsberg Våpenfabrikk fra 1880.



Peter Rasmus Krag hadde 7 barn, blant dem min farfar, dikteren Thomas Krag (1868–1913). Etter hans død er bildene gått til den eldste sønnen John Aas Krag (1853–1911), som var forstmester, og videre til hans eldste sønn, Wilhelm (William) Krag (1888–1959).

Sistnevnte flyttet, formodentlig i 1920-årene, til Kenya (hvor han drev en kaffeplantasje), og han flyttet aldri tilbake til Norge.


Familieportrettene – det var flere – ble ikke tatt med til Afrika, og i 1954–55 overlot William dem til sitt søskenbarn, Hans Krag (1904–1984), min far, både fordi min far var slektsinteressert (han utga Vågåprestens tidligere utrykte slektsoversikt: H.P.S. Krag, Genealogisk Underretning, trykt 1936, og Hans Krag, Slekten Krag fra Trøndelag, 1945), og fordi Williams egen etterslekts tilknytning til Norge kunne fortone seg mer usikker. Hans Krag bodde etter 1952 i Søgne, og bildene har vært der til min eldste bror, Thomas Krag, døde i 2014.

Den korte sammenfatningen når det gjelder overleveringen av bildene blir da: H.P.S. Krag (Vågåpresten) til Peter Rasmus Krag til John Aas Krag til William Krag til Hans Krag.

Tillegg ved redaktøren:

Historielaget fekk også denne sølvskeia frå familien Krag. Denne svært store serveringsskeia er 41,7 cm lang og har denne inngravinga:

«Erindring til Fru Hermanna Krag, Den fromme og venlige Kone Den kjerlige Moder, Den oprigtige og hengivne Veninde, Den Fattiges og Lidendes Trøst og Støtte fra Endeel Medlemmer af Waage Menighed, Hvor hun vandt almindelig Kjærlighed og Agtelse.»



Tradisjonen i familien er at Hermanna Krag fekk skeia som gåve på 50-årsdagen sin frå menigheten i Vågå. Hermanna Krag vart fødd i 1798, og tidspunktet for gáva må da vera 1848. Hans Peter Schnitler Krag var prest i Vågå 1831-1842, frå 1842 til 1849 var han prest i Halden og 1849 til 1855 i Eidsvoll. Gáva må da vera gjeve seks år etter at dei reiste frå Vågå, dette viser respekt for det Hermanna og mannen hadde utført i Vågå.

Risgraut som julekveldsmat

Av Knut Raastad

Julegraut eller nissegraut er vorte eit omgrep, elles i året blir grauten kalla risgraut eller risengrynsgraut. Heime har den alltid vorte nemnd berre som gryngraut. Ei undersøking i Nationen viser at 75 % av norske hushaldningar et risengrynsgraut i jula. Ribbe, pinnekjøtt og lutefisk er oftast nemnd som julekveldsmat, men undersøkinga viser at heile 30 % av hushaldningane et graut om julekvelden. Eg har ikkje intrykk av at gryngraut er brukt om julekvelden i Vågå i dag. Men heime var dette tradisjonen da eg voks opp, det var fyrst gryngraut og så ribbe, kjøtkaku og poteter.

Graut laga av mjølk vart nok midt på vinteren rekna som forkunn mat i gamle dagar. Det var ikkje sjølvstekt å ha fersk mjølk i desember når kyrne var vårbære. Det var knapt med vinterfôr og det meste av mjølkeproduksjonen skjedde om sommaren med konservering til smør, ost og syrna myse til vinterbruk. Spesielt mindre bruk med berre få kyr kunne vera utan mjølk om vinteren, og da laut dei få tak i mjølk til jul frå andre.

I katolsk tid var det faste i heile advent, det var ikkje lov å eta kjøtt før juledagen. Dette kan vera bakgrunnen for at mjølkegraut, kjøtmølje og fiskerettar vart brukt som julekveldsmat i staden for kjøtt. Suppe av mjølk kunne vera fast tilbehør til fisken, og vanleg i Vågå er vel mjølkegrynsuppe til lutefisken. Før risgryn vart importert på 1700- og 1800-talet, vart det brukt byggryn i mjølkegrauten.

Kjelde:

*Julie Messel, Nationen 23.12.2017: Tre av fire nordmenn spiser grøt i jula.
Eva Narten Høberg, forskar NIBIO*

Stortingsmenn frå Vågå

Av Knut Raastad

Sidan starten i 1814 har det vore mange stortingsmenn frå Vågå. Eg skriv menn, for hittil har det ikkje vore kvinner. Vi tek også med stortingsmenn som er fødde og oppvakse i Vågå sjølv om dei har representert andre fylker. Likeeins tek vi med stortingsmenn som har budd i Vågå ei tid. Stortinget var samla kvart tredje år frå 1814, og etter Grunnlova ikkje meir enn 3 månader utan Kongens løyve. Knappe sesjonar gav tidsnaud og vart ofte forlenga. Frå 1871 var det årleg storting, og da ikkje meir enn to månader utan Kongens løyve. Frå 1898 kunne Stortinget samlast to gonger årleg, vår- og haustsesjon. I tillegg var det kalla inn til overordentlege (ekstraordinære) storting når det elles var oppløyst, dette skjedde hausten 1814, i 1822, 1828, 1836/37, 1858, 1864, 1882, 1918 og 1939. Årsakene var i dei fleste tilfella internasjonale kriser eller avtaler med andre land som ikkje kunne vente.

Ole Paulsen Haagenstad

Fødd 1775, død 1866

Han var frå Harildstad i Kvikne og overtok Håkenstad etter onkelen Ivar Bjølstad og var gardbrukar der. Haagenstad var lensmann i Vågå i 1820-21. Haagenstad var stortingsmann for Christians amt i desse periodane: 1814, 1815-17, 1818-20, 1824-26, 1827-29, 1833-35, 1836-38, 1839-41 og 1842-44.

Han var ein av dei fremste bondeleiarane på Stortinget, i lang tid var han einaste bonden i Stortingets valkomite og han var den fyste bonden som vart utnemnd til ein kongeleg kommisjon.

Han engasjerte seg spesielt i økonomiske spørsmål og stod for ein sparepolitikk for å halde skattane nede.



Edvard Storm Munch

Fødd 1780, død 1847

Han var son til Christine og Peder Munch og levde i prestgarden i Vågå til 1788, etter dette i Fluberg i Land. Storm Munch var prest og prost i Gjerpen i Telemark. Har var far til historikaren P. A. Munch og bestefar til målarer Edvard Munch. Munch var stortingsrepresentant for Bratsberg Amt (Telemark fylke) i 1827-29, stortingssesjonen vara i 7 månader. Han var medlem av Lagtinget. Munch fremma fleire saker som vart vedtekne, mest kjent er lova om å begrense brennevinsbrenning i små mengder som vart liberalisert i 1816.



Christian Feyer

Fødd 1792, død 1879


Han var son til Maren Sophie Tronhus som døydde da sonen vart fødd, faren var ukjent. Bestefaren var kaptein Jens Tronhus på Søreim. Christian Feyer budde i Vågå til han var 15 år. Feyer var fut i Larvik frå 1825, og sorenskrivar for Jæren og Dalane 1834-1867. Han medverka da sonen starta Egersund Fayancefabrik i 1847. Feyer var stortingsmann for Jarlsberg og Larvik amt 1830-1832. Han var visesekretær i Stortinget, ein månad sekretær i Odelstinget, og sekretær i komiteen for gasjer, budsjett- og skattevesen.



Ole Johannessen Staff

Fødd 1798, død 1863

Han var frå Stav på Helgøya, men var fødd på Toten. Staff var lensmann i Vågå 1821-1831, og i Lom frå 1837. Han vart gift med Rønnaug Graffer og var gardbrukar. Staff var ordførar i Lom 1838-1846. Staff var stortingsmann for Christians amt: 1836-1838, 1839-1841 og 1842-1844. Han var visesekretær i odelstinget og medlem av budsjettkomiteen. På Stortinget var han samtidig med Ole Haagenstad.



Rasmus Hansen

Fødd 1797, død 1861

Han var bondeson frå Oppdal og vart fullmektig og konstituert sorenskrivar på Inderøy. Hansen var prokurator ved underretten i Nordre Trondhjems amt, og ordførar i Skogn 1838-1839 og 1844-1847. Han var sorenskrivar i Vågå 1848-1861.


Hansen var stortingsmann for Nordre Trondhjems amt i periodane 1839-1841, 1842-1844 og 1848-1850. Han var sekretær i Odelstinget, sekretær i næringskomiteen, og medlem av kyrkjekomiteen.



Peter Rasmus Krag

Fødd 1825, død 1891

Han var fødd i Grong, son til presten Hans Peter Schnitler Krag som var prest i Vågå 1832-1841. Krag var ingeniørkaptein i militæret og ingeniør i vegvesenet der han leia store utbyggjingar av vegnettet i Buskerud, Vestfold, Telemark og Agder. Krag var stortingsmann 1859-1861 frå Larvik og Sandefjord, 1862-1864 frå Nedenes og Råbyggjelaget, 1865-1867 frå Nedenes og 1877-1879 og 1880-1882 frå Kristiansand. Han var medlem og sekretær i militærkomiteen, og medlem av budsjettkomiteen og jernbanekomiteen.



Fredrik Wilhelm Weidemann Norgrenn

Fødd 1818, død 1902

Han var frå Eidsvold og var sakfører i Østfold frå 1849 og i Buskerud frå 1851, frå 1855 fogd og sorenskrivar i Tana. Norgrenn var sorenskrivar i Vågå 1861-1862, og frå 1867 sorenskrivar i Nord-Østerdalen. Til slutt var han sorenskrivar i Solør 1879-1899. Norgrenn var stortingsmann 1862-1864 og 1865-1867 for Finmarkens amt, og 1874-1876 for Hedemarkens amt.

Iver Lunde

Fødd 1828, død 1904

Han var gardbrukar på nigard Lunde. Iver Lunde kjøpte også oppigard Lunde og slo saman gardane. Han var ordfører i Vågå 1870-1872 og 1880-1881. Lunde var stortingsmann i periodane 1868-70 og 1871-73. Han var fyrste perioden medlem av militærkomiteen og i andre perioden kyrkjekomiteen. Lunde tilhørde gruppa til Sverdrup, men gjekk seinare over til Høgre.



Christian Horne

Fødd 1838, død 1912

Han var frå Romedal på Hedemarken. Horne var lærar på folkehøgskulen på Romundgard, han var med Christopher Bruun og starta denne i 1867. Horne var lærar på Jønsberg 1871-1873. Han vart gift med Marit Romundgard Blessum og overtok nordgard Blessum, der innførte han nye metodar i jordbruket. I 1887 flytta Horne attende til Romedal. Han var ordførar i Vågå 1884-1887. Horne var suppleant nr. 2 1883-85 frå Christians amt og møtte på Stortinget. Han representerte Venstre.



Walter Schott Dahl

Fødd 1839, død 1906

Han var frå Melhus. Dahl var soren-skrivar i Vågå 1884-1889. Tidlegare var han ordførar i Vestnes. Dahl var Høgsterettsadvokat, og han var lagmann i Gulating lagdømme i Bergen 1889-1906. Dahl var aktor i Riksretten 1884. Han var statsråd 1888-1889, fyrst i indredepartementet og så i justis- og politidepartementet.

Dahl var stortingsrepresentant i fleire periodar for Romsdals amt: 1874-76, 1877-79 og 1. suppleant 1883-85. For perioden 1886-88 var han stortingsrepresentant innvald for Kristians amt. Dahl representerte Venstre. Både stortingsperioden for Kristians amt og statsrådstida var samtidig med at han var soren-skrivar i Vågå.



Gottfried Gustav Klem

Fødd 1854, død 1907

Han var fødd i Vågå, son til Mauritz Gleerup Klem som var residerande kapellan i Vågå 1847-1854. Klem arbeidde i justisdepartementet frå 1878, frå 1887 som byråsjef. Frå 1895 til 1907 var han byfogd i Arendal. Klem var stortingsrepresentant for Arendal og Grimstad 1895-1897, han var medlem av sosialkomiteen. Klem representerte Høgre.

Anton Ryen

Fødd 1894, død 1968

Han var frå Heidal, men foreldra kjøpte Fellese og familien flytte dit. Ryen var gardbrukar og kaptein. Han var med i kampane i april 1940. Saman med mange andre norske offiserar var Ryen i krigsfangenskap i Tyskland 1943-1945. Ryen var stortingsrepresentant for Oppland i tre periodar 1945-1957. Han var medlem og sekretær for militærkomiteen. Ryen representerte Bondepartiet.



Haakon Blankenborg

Fødd 1955


Han var ambassadør i Beograd 2005-2010, og avdelingsdirektør i utanriksdepartementet frå 2011. Blankenborg var vararepresentant til Stortinget 1977-1981. Han var stortingsrepresentant i seks periodar 1981-2005. Blankenborg var medlem av Kyrkje og undervisningskomiteen i to periodar, kommunal- og miljøvernkomiteen ei periode og utanrikskomiteen tre periodar, derav vel 6 år som leiar. Han representerte Arbeiderpartiet.



Syver Berge

Fødd 1939

Han var skogbruksleiar, kasserar i Langmorkje almenning, og gardbrukar. Berge var kommunestyre- representant 1967-1979 og 1999-2003 og fylkestingsrepresentant 1979-1987. 1974-1980 var han leiar i fylkespartiet. Berge var vararepresentant til Stortinget 1981-1985, og stortings- representant i to perioder 1989-1997. Han var medlem av landbrukskomiteen og næringskomiteen. Berge representerte Senterpartiet.



Ivar Odnes

Fødd 1963, død 2018

Han var snekker/byggmester. Odnes var kommunestyrerepresentant i Vågå 1991-1995 og 1999-2002. Odnes flytte til Østre Toten. Han var med i fylkespolitikken i 14 år, av dette som fylkesvaraordførar 2011-2017. Odnes var vararepresentant til Stortinget 2013-2017. Han var stortingsrepresentant frå 2017. Odnes var medlem av transport- og kommunikasjonskomiteen. Han representerte Senterpartiet.




Frå Sundstugu til Løvebakken

Av Helene Hovden

Syver Berge sat som stortingsrepresentant i to periodar, men han vart aldri nokon bykar. – Det å ha fått lov til å vere med og forme samfunnet, har vore det viktigaste for meg.

Berge er attende i Sundstugu, stugu der han som liten sprang rundt og det som vart starten på eit rikt liv. Han var åtte år da familien flytta frå Formo midt i Moom for å satse på landbruket. Det var også målet Berge hadde da han som 16 åring begynte på Klones. Berge meiner bakgrunnen hans la grunnlaget for den jobben han gjorde på Stortinget. – Det er ei større utfordring å kome inn på Stortinget enn å vere der, seier Berge.



Sunde fyrst på 1950-talet. Foto: Bjørn Valde Aasheim

Vart praktikant

Vi går attende til våren 1959. Like etter skuleslutt kom skogbrukslæraren på Klones til Sunde saman med ein studiekamerat. Det var professor Ivar Samset ved forsøksvesenet på Ås som hadde bruk for ein praktikant. Etter ei veke var unge Berge plassert på Ås. – Så tilfeldig kan det vere, humrar Berge. Der fekk han så god praksis at han kom inn på skogskulen som yngste elev. I mellomtida hadde han gått på Bondelagets folkehøgskule og treft kona Liv. – Ho må tilleggjast mykje av æra for at eg vart den eg er. Ho har tatt mange tunge tak for meg, seier Berge.

Så gjekk turen heim til Vågå. Etter ei tid ringde fylkesskogbrukssjefen og var i beit for ein vikar. Berge tok ved vikariatet og vart seinare tildelt ei eiga stilling. Berge har prøvd mykje forskjellig. Han starta som tømmermålar i Langmorkje og fortsette som skogbrukskunnig revisor, kasserar og styreleiar. Han har også erfaring frå Tamreinlaget. Berge meiner summen av alt dette har vore viktig for den jobben han gjorde på Stortinget. – Eg har hatt frykeleg god nytte av det faglege når det gjeld jord, skog og reindrift.

Markerte seg sterkt

Det fyrste politiske engasjementet var ein studiering i 1965 med generalplan over Vågå. Der kom disponeringa av Sjødalen inn som eit heitt tema. – Vi var samde om det meste, men utbygging av Sjoa, oppdemming av Gjende og reguleringsdam ved Hindsæter var eg stor motstandar av. Eg var og sterkt i mot dei store Ottautbyggingane. Der markerte eg meg sterkt.

Berge kom inn i fylkespolitikken 1972. Dette året var årsmøtet i Oppland Senterparti lagt til Valdres. Han og to andre gjekk på ski over Valdresflya. Da han kom heim att var han formann i Oppland senterparti. Han sat også på fylkestinget i to periodar, men da hadde broren vorte fylkesrådmann og for ikkje å stokke korta, meinte Berge det var rett å ikkje vera med på fylkesplan lenger.

Møtet med Stortinget

Berge vart vald inn på Stortinget i 1989. Der var han i to periodar. Fyrste perioden sat han i landbrukskomiteen og andre perioden i næringskomiteen. Møtet med tilværet som stortingsrepresentant vart meir brutalt enn han hadde sett for seg. – Eg var ikkje klar over den

store miljøforandringa det vart. Frå dagleg å vere i fjøset og mellomøkta i skogen. Ein måtte finne sin eigen stil i systemet og det hjelpte mykje at eg torde å vere meg sjølv. I løpet av dei åtte åra hadde han ikkje inn varamann ein einaste dag. Men Berge vart aldri nokon bykar.
– Eg vart aldri meir kjent enn det eg gjekk langs Karl Johan.

Laga ny tiltaleform

Den byråkratiske skrivemåten på Stortinget passa ikkje vagveren. Han ønskt meir variasjon, noko han også prøvde å gjennomføre.
– SP hadde forslag om å kutte ut burhøns, eg var saksførebuar men kunne ikkje gå inn for å kutte det ut, så eg skreiv «målet må vere at hønene får flakse fritt», humrar den tidlegare stortingsrepresentanten.

Berge legg ikkje skjul på at han var nervøs fyrste gongen han skulle ha taletid i stortingssalen. Og det han ikkje hadde tenkt over var tiltaleforma. Ærede eller vyrde passa ikkje Berge. Men, han gjekk opp, var seg sjølv og sa «gode president». Da møtet var slutt kom stortingspresident Jo Benkow og takka han for pen tiltaleform. Det Berge ikkje visste var at «gode president» ikkje var godkjent tiltaleform. Men i det reviderte reglementet er tiltaleforma tatt med. Da Kirsti Kolle Grøndahl vart president var det ein journalist som spurte kva tiltaleform dei skulle bruke; «Bruk tiltaleforma til Syver Berge for den er både kjønnsnøytral og pen», fortel Berge.

Måtte stå skulerett

Stortingsmøta er styrt av president og visepresident anna kvar månad. Ein morgon ringde dei og sa «Syver, i dag må du leie stortingsmøtet for visepresidenten er sjuk». Det var ikkje enkelt å få den beskjeden, men eg tok oppdraget. Ein gong eg sat og styrte møtet, og sola skein på Slottet ein kilometer lengre opp i gata, så kom det for meg kor lite landet vårt er. Da sat eg og styrte møte i Stortinget og Erand, sonen vår, gjekk vakt hjå Kongen.

Berge var kjent for å ha sterke meiningar. Fleire gonger vart han kalla inn på teppet fordi han hadde uttalt seg og tatt standpunkt før partiet hadde tatt stilling i saka. 6. mai 1991 stod det med store tigeroverskrifter i Oslo-prensa «For fyrste gongen sidan Gro kom til makta i fjor haust, trugar ein leiande Sp politikar med å felle regjeringa». Det Berge var arg for var jordbruksoppgjeret som var i emning og temposkiftet

i EF-debatten. – Eg fekk mange positive attendemeldingar, men eg måtte stå skulerett for partileinga.

Politikk er lagspel

Berge bestemte seg tidleg for at han ikkje skulle vere på Stortinget meir enn to periodar. Han ser attende på politikarkarrieren sin som interessant og lærerik. – Politikk er lagspel. Eg veit ikkje av at eg har uvenner. Berge følgjer framleis godt med i det som skjer. Han reagerer frå tid til annan på korleis mange uttaler seg. – Det hadde i alle fall ikkje gått på Stortinget, avsluttar Berge.



*Stugu, stabbur og stall i Jutulheimen medan husa stod på Sunde.
Foto: Bjørn Valde Aasheim, historielagets fotoarkiv*

Juletrefest i Sundstugu

Av Helene Hovden

Syver Berge hugsar godt at det var juletrefest i Sundstugu da han var liten. I dag står huset i Jutulheimen. Garden Sunde er ein av dei eldste gardane i Vågå, men mange konkursar og skifte av eigarar har ført til at det ikkje har vore same slekt over mange generasjonar slik som fleire av dei andre gamle gardane i Vågå.

Ei periode budde det ein sorenskrivar på garden. Denne sorenskrivaren dreiv hestehandel og gjorde gode pengar. Det skal vera han som fekk sett opp ei treetasjes tømmerstugu på garden. Under storofsen reiste vatnet med det eine huset etter det andre. Segna fortel at folket på garden vart så redde at dei flykta opp i tredje etasjen. Der var dei nærast vår herre. Heller ikkje hovudbygningen på garden gjekk fri for dei enorme vassmengdene. Vatnet kom og tok med seg fyrste etasjen på stugu. Til alt hell datt stugu ned på bakken att og vart ståande. – Det er mykje mogleg at delar av Sundstugu er frå denne treetasjes stugu, meiner Syver Berge.

Da Berge og resten av familien på Sunde flytta inn i nytt våningshus ved juletider i 1951, vart den gamle og falleferdige tømmerbygningen ståande tom. Ut på 50- talet vart den seld til Vågå Historielag og sett opp att i Jutulheimen. I tillegg til Sundstugu kjem også eit stabbur og stallen i Jutulheimen frå Sunde.



Sundstugu. Foto: Bjørn Valde Aasheim

Peder Knudsen Bakken, evnerik vagver

Av Eirik Haugen


De fleste har vel kjennskap til at Peder Knudsen Bakken fra Vågå komponerte melodien til “Jeg er så glad hver julekveld”. Men slik har det ikke alltid vært. Lenge var komponisten ukjent. Det kom for en dag på den måten at Knudsen hadde sendt kopi av notene til en god venn i Kragerø. Så sent som 1940, stod det at komponisten var ukjent.

Peder (1819-1863) var sønn av Knud Olsen og Anne Pedersdatter Bakken, som da var under Øi. Knud var husmann. Han var musikalsk og var forsanger i kirka. Knud og Anne fikk 7 barn:

- Ole 1818 død før faren. Hadde en datter Karen Julie.
- Peder 1819-1863 g. Karen Regine Thollesen fra Holmestrand.
- Anne 1821 g. Ole Jeilen i Skårvangen.
- Anne 1824 g. Anders Røsvigeie på Ringerike.
- Gunhild 1826-1900 g. Ole Vistekleiven og senere Hans Bondestuen.
- Hans 1827 ugift malermester i Oslo.
- Kari 1829 ukjent oppholdssted da faren døde 1864.

Peders mor døde 1829, og Knud giftet seg på ny i 1839 med Marit Hansdatter Haugen Ekreeide fra Heidal. De fikk 6 barn:

- Thora 1836 g. John Jelet (Tøftehjelet) i Skårvangen.
- Hans 1840.
- Anne 1843 bodde i Ålesund.
- Knud 1847 var i Bakken 1865.
- Marit 1847, døde 4 måneder gammel.
- Ole 1857 var i Bakken 1865.





Bildet viser Bakken i 2018. Foto: Knut Raastad

Peder dro først til Oslo i skredderlære. Han ble med i Kristiania militær-musikk, og spilte på alt fra stortromme til pikkolofløyte. Men han var mest dyktig på fele. Han spilte f. eks. sammen med Ole Bull.

Så flytte Peder til Holmestrand. Der var han sanginstruktør, og der traff han også kona si - Karen Regine Thollefsen. I 1854 dro familien til Kragerø, og der fikk de sønnen Knud Ole i 1856. Peder var aktiv musiker i byen. Men så ble det opprettet organiststilling i Ålesund, og 1859 ble han Ålesunds første organist. Der skrev Peder melodien. Marie Wekselsen skrev de ni versene julekvelden 1858 mens hun ventet på at prestefar skulle komme hjem fra kirka.

Peder døde i Ålesund bare 44 år gammel. Han døde "i sin kones armer". Han er begravet i Ålesund og i 1948 ble det reist en bauta med et relieff av Peder framfor kirka i byen. Enke og sønn finner vi igjen i folketellinga 1865. Da bor de i Storgata i Oslo hos Peders ugifte bror Hans. Jeg har ikke greid å finne de i folketellinga 1875, men folketellinga 1891 viser at da bodde Karen Regine Knudsen f. 1831 i Botne ved Holmestrand. Sønnen har jeg ikke funnet, så han har gjerne emigrert. Det gjorde store deler av familien Bakken.

Peders far, Knud fikk 14 barn. Den perioden han var enkemann fikk han en datter Marit på Sandbakken. Hun døde som barn. Dagens familie Bakken er av en annen slekt. Men musikere som Kristian Gården, Dag Gården og Brit Målfrid Groven er slektninger av Peder. Sistnevnte har vært solofløyttist i operaorkesteret i Kjøbenhavn. Gården er av slekta i Jeilen, og Brit har sine aner i Bondestuen. Så de musikalske genene går videre. Og vi synger fortsatt "Jeg er så glad hver julekveld".

Kleber, skifer, kalkstein og kvernsteinsbrudd i Vågåfjellet

Av Vegard Veierød

De mest kjente stedene i Vågå hvor det har vært arbeidet med stein finner vi i området rundt Lalm. På Bårstad var det kleber, i Tolstadkvernberget ble det hogd ut kvernsteiner og Østlandske Steneksport fraktet mangt et lass med talk ut fra Saastadmølla (naftamølla) på Bruvikteigen (se bildet). Ser vi bort fra jernutvinningen i de riktig gamle dager, er det særlig arbeid med kleber, skifer, kalkstein og kvernstein, som har satt spor etter seg i Vågå. Kleberstein har vært et attraktivt råstoff helt siden jernalderen, og det er funnet spor etter drift ved minst 150 steder rundt om i Norge. Mange av dem er lokalisert i Nord Gudbrandsdalen. Kleberårer finnes det mange av i Vågå. Det er derfor ikke rart at folk i tidligere tider har utnyttet stein som en ressurs på en rekke steder i Vågåfjellet.

Kleberbrudd

Nede i dalbunnen ved Lalm var det flere brudd. På Rottem var det et nord (vest) for gården, dvs ovenfor dagens vei, nordafor Tangssæter. Oscar Rottheim fortalte i 1989 til Jacob Brekken at da han var guttunge var det en tunnel inn til bruddet som endte i ei dyp sjakt. Sjakta stod da full av vann. Han kunne huske at det var svært fin og hvit kleber der. Det er hogd ut mange gryter i dette bruddet. På den andre sida av elva var det brudd både ved Tolstad og på Tolstadåsen.

Det største kleberbruddet i Heimfjellet har trolig vært det vi i dag kaller Ormhaugen, et uttak i nærheten av Langmyrene, ikke langt fra Moasetrene. Her ligger det en dobbeltfold av et tynt lag kleber. Forekomsten kan derfor være dyp, men ikke særlig stor har geologer funnet ut. Rett i nærheten, langs veien ned til bruddet, kan man også finne marmor.

I 1924 skrev Per O. Haugen, Vågå, til skogforvalteren i Nord-Gudbrandsdal, Simen Wollrath om denne kleberforekomsten; ”I Ormhaugen har det i gamle dager vært bruddt adskillig klebersten”. Bruddet hadde på dette tidspunktet vært uten drift i mange år, og det var da helt falt sammen. Inngangen til bruddet var fylt med vrakstein og jord. Haugen hadde behov for kleber til sine gravmonumenter og ønsket feste på kleberbruddet for de neste 25 år. Han ville betale samme avgift som A/S Østlandske Steneksport på Lalm betalte for uttak i Bruvikteigen, nemlig 3,- kroner per m³ av råblokker.



Naftamølla på Bruvikteigen, 1955. Fotoutlån: Aud Kristiansen

Haugen fikk leie bruddet i Ormhaugen avgiftsfritt i 2 år for prøvedrift fra 1925. Etter hvert viste det seg at han ikke fikk så mye ut av det som han hadde trodd, og han frafalt videre drift. Olaf Aasåren, fra Otta, fikk deretter tillatelse til forsøksdrift. I tillegg fikk han innvilget prøvedrift i et brudd ved Strandlykkjesetra. Han fikk også tillatelse til oppføring av nødvendige hus. Arealene var på 5 dekar på hvert sted og de ble innvilget for 2 år fra 1931. Prøveperioden var avgiftsfri. Kleberbruddene hadde kleber av meget fin kvalitet, men transporten til jernbane var på vel 30 km, på tildels dårlige seterveger. Det gjorde det vanskelig å drive lønnsomt. Pga krigen ble det opphold i driften begge steder. Men rett etter krigen i 1945, fikk Asmund Damstuen, Kristian Gudbrandstuen og Knut Smedsmo, alle fra Vågå, feste for prøvedrift i Ormhaugen i 1945 og 1946. De satte da opp ei stor mølle/verksted på 6x13 meter og ei hytte på 6x10 meter. Driften skulle finansieres av en mann fra Oslo. Det ble ikke noe drift etter de to første årene og kontrakten ble sagt opp. Osломannen tapte visstnok mange tusen kroner. Kommunen ba da leietagerne om å fjerne husene, men dette ble aldri gjennomført. Bruddet ble så stående ubrukt en tid.

Ragnvald Berg, fra Vågåmo, hadde troen på at det var drivverdige forekomster i Ormhaugen. Med ny vei over Bringen tenkte han at det burde være mulig å få fraktet vekk det som ble tatt ut. I 1953 kjøpte Ragnvald husene med maskiner, men det tok litt tid før han sendte søknad om feste på kleberbruddet. Pål Eide fikk derfor feste på selve kleberbruddet fra 1953 og fem år fremover. Han hadde imidlertid ikke økonomisk evne til å kjøpe husene. Ragnvald fikk da overta festet, samt tomte der hytta og klebermølla/verkstedet stod. Bildet fra 1960-tallet viser arbeidsbrakkka før den ble bygget om til fritidshytte og i bakgrunnen ser vi maskinhallen som nå er fjernet. Fra 1961 overtok Anton Berg kontrakten. Han solgte arbeidsbrakkka til Leif Erikstad. Hans etterkommere har hytta i dag.

Det har som nevnt også vært kleberbrudd ved Strandsetrene, og også et sør-sørøst for Skytningen, mellom Skytningen og Vetl-vatnet. Hans Syvergård og P.J. Næss fikk tillatelse til prøvedrift av dette bruddet fra 1941. Her var det noen blanke harde korn i kleberen. De var så harde at man kunne skjære glass med dem kunne Ola Storvikseter fortelle i 1960. Det er også et tidligere brudd like ved den skarpe svingen vest for Bratlandsetra og Klonessetra.



*Klebermølla og arbeidsbrakkka ved Ormhaugen tidlig på 1960-tallet.
Fotoutlån: Lars Erikstad*

Det finnes også kleberforekomster mellom Kobberslettsetra og Olderlykkjesetra på Bringen i Heimfjellet. Johan Kobbersletten mente det hadde blitt hogd ut peiser her. På oversiden av Bringsveien, der den passerer Brennseterbekken, har bekken gravd ut en gjeile som viser ei stor rand med kleber. Dette viser at forekomsten av grønnstein strekker seg langs hele Bringen fra Ormhaugen til Reiregrenda. Man finner også igjen denne typen stein på andre siden av Flatningen ved Darthus-haugen. Her fikk Hans S. Hølmo og Ola Enge i 1938 tillatelse til avgiftsfri prøvedrift av et klebersteinsfelt. Det var på 1 dekar og lå 500 – 600 meter vest for Darthussetra. De kom ikke ordentlig i gang før etter 1941, holdt

på med prøvedrift ut 1947 og fikk opprettet kontrakt for videreføring i 1948 – 49. Deretter har det ikke blitt tatt ut kleber i dette bruddet som ble omtalt som kleberberget ved Megardsåsen.

Syver Horten kunne berette om at det var et kleberberg på baksida av Finna, rett overfor "Lysenget". Her ble det i gamledager hogd ut peiser. Det vises ved at det er gravd ut en veg ned til bruddet. Det var også kleberbrudd i Skårvangen og i Skårvangsfjellet på Kleberflya. I Skårvangen var det også sandstein. Den var grunnlaget for Skårvangsbrynene. Ved brua over Skjerva ble det funnet karbonsandstein på 1970-tallet. På Brattlandsteigen i Nordherradslia er det også et kleberbrudd. Det er laget en vei ned til bruddet som heter Klebervegen. Ved Milthaug - Langstulene var det også kleberbrudd. Like nord for tuftene ved Langstulen – mellom disse og storbekken er det et gammelt brudd. Harald Holm kunne fortelle at det sist ble hogd ut peiser her i 1966. Der ser en fortsatt en stein som er påbegynt og sitter fast i berget. Litt nord for Milthaug, et stykke sør for Tverråa i Slådalen, er det et gammelt kleberbrudd fortalte Kristian Fagernes på 1960-tallet. I tillegg finner man ett ved Dalsegg ved Slådalsvegen. Bukkehøgda-området er kanskje det mest interessante med tanke på hvor det finnes større mengder som ikke er tatt ut enda. Her finner man også forekomster av serpentin-konglomerat, som man også gjør ved Reiggehaugen.

Lenger nede i dalføret ovenfor Stade og ved Måla, et stykke ovenfor hamneløkka til nigard Svare, har det også vært tatt ut kleber. Her ser en tydelig hvordan emner til peiser er blitt hogd ut av fjellet. Ovenfor Svare er det sagt at det også skal være uthogd et kvinnehode i bergveggen. Mellom nordre og søre Nystuen har det vært ei gammel klebergruve. Det har vært tatt ut kleber til gryter her. Det ligger fremdeles igjen mye avfall av kasserte gryter med mer. Det har også vært hogd ut klebergryter lenger ned i dalen ved Åsårberget.

Allerede i 1775 fortalte G. Schönning om et kleberbrudd ovenfor Sunde, så hele Ottadalen har nok hatt mange slike brudd. Jacob Brekken fortalte at det har vært kleberbrudd ved: Knutshø, Nistingen, Åbakken, Viste, Nordherradslia sør for Horten, Dalen, Hudslletta, Ruste og i Storr-viksmorka ved Uksfossen nedenfor Tesseosen.

Skiferbrudd

Skiferforekomster finnes på mange steder i Vågåfjellet. Skiferbruddet ved Klonessetra er kanskje det mest kjente og det ble på folkemunne kalt "Heillbråtet". I etterkrigstida drev Eidefoss uttak av skiferheller her. Lokalt ble det da sagt at de drev bedriften "Stein og Strøm". Skiferbruddet ble senere bortleid til Gustav Finsrud og Martin Myhre fra 1957 til 1961. De hadde rett til å oppføre nødvendige hus. Feltet var på 87 x 73 meter. De kom aldri godt i gang. Kjell Solheim ville leie det etter dem, men frafalt å sette i gang. Ny prøvedrift av skiferbruddet ble deretter innvilget for to år til Kjartan Hoff, fra Otta, fra 1963. Sommeren 1966 ble det gjort et nytt forsøk på å vurdere forekomsten av den granatrike glimmerskiferen i dette bruddet. Skifersonen er tungspaltende, så forekomsten ble ikke funnet drivverdig. I 1998 foretok Norges Geologiske Undersøkelser en ny vurdering og fant at bruddet fortsatt kunne ha en skiferreserve, men at den var vanskelig å vurdere pga løsmasseoverdekning. Det ligger fortsatt igjen mye kassert stein i veikanten.

I 1953 fikk Paul P. Kleiven og Erling Hjelvik rett til prøvedrift i 3 år på et skiferfelt ved bekken Frøyna, nord for Plassetra ved Flatningen. De var småbrukere i bygden og hadde tenkt å benytte skiferen til egne tak. Det lå vanskelig til i barskog og det var ingen ordentlig veiadkomst dit. Det ble derfor sparsomt med uttak. Du finner det rett ovenfor der tømmerveien fra Tuvstulveien passerer Frøyna. På veien inn ser man også et par andre steder der skiferlaget kommer opp i dagen. Fra dette området nord for Flatningen og langs utkanten av Brennseterhøgda på oversiden av Bringsveien til Rinddalen finner man flere synlige skiferuttak. Trolig har det vært forsøkt å finne drivverdige forekomster. Ovenfor Rindtjønn og øverst i gjeilen ved Siplaus synes det å være tatt ut mest stein.

Hans Syvergård og P.J. Næss fikk i 1941 tillatelse til å iverksette prøvedrift i en skiferforekomst ved Skytningen. I bakkene ned mot Skjerva ovenfor Skjervstulen var det også et skiferbrudd og i Gravidalen var det uttak av kvartsittskifer. Ovenfor Djupviksetrene ved Tesse har det også vært et skiferbrudd.

Kvernstein

Det ble som nevnt tatt ut kvernstein på Lalm, men det er også tatt ut kvernsteiner både nordenfor Hammer og ved Nedre Bjørnstad. Ellers i Vågå finner man et uttak mellom Grindberget og Skutberget i øvre delen av Rindalen. Her har det vært tatt ut blokker oppe i fjellveggen. De må ha blitt senket ned for produksjon av kvernstein på flata nedenfor. Anton Løvrusten fortalte i 1960 at stedet hvor kvernsteinene var hentet ned var rett ovenfor der ”preståra / Kragkilda” ligger. Da lå det fortsatt rester etter kvernsteiner på flata nedenfor kunne Ola O. Sveen berette samme år. I dag er det vanskelig å finne igjen noen av restene. Litt lenger nede i dalen ved Hovda, er det også tatt ut kvernstein, langs beinvegen fra Skårsbrekka.

Andre steder der kvernstein er tatt ut i Vågå er i et lite kvernsteinsbrudd nord for setra Klomsroi i lia opp mot fjellet Svarthovden. Hoveduttaket er i kanten av en liten bergknaus 10 meter øst for Søre Klomsrobekken. Her er det brutt kvernstein over et areal på ca 2 x 6 meter. Uttaks-sporene viser kvernsteinsdiametre fra 68 til 83 cm, m.a.o. vasskvernstein. Ellers har det vært tatt ut kvernstein i kvernskardet, øverst i Storbekken, øst for Skardsetra i Sjørdalen. Her har det vært uttak på begge sider av skardet. I tillegg er det hogd kvernstein i et lite uttak i elvekanten nedenfor Nerlien. Her ligger det en blokk som trolig er kommet fra solside av dalen. Stedet er synlig vinterstid når elva er liten.

Andre steder litt lenger ned i Ottadalen er det tatt ut kvernstein ovenfor Ymbjørgøya og i et kvernsteinsbrudd i Gravådalen, sør for Veggemskampen. Der heter det fortsatt Kvernbergsmoen.

Kalkstein

Flere steder i Vågå og Sel har ordet ”limstein” i seg. Det vitner om at det har vært mye kalkstein i disse traktene. Limstein er en gammel betegnelse på kalkstein, og på engelsk heter kalk limestone. Navnet har sammenheng med at man fra mellomalderen (år 1050 – 1500) brukte kalk som mørtel til muring og til bleking av lin. Eksempelvis er det et sted som er kalt Limstein ved Sørlien i Ottadalen og vi kjenner Limsteinsflata like ovenfor Tolstadløkken (Sveinsonlykkja) i Tolstadskogen. Mathias Åsli fortalte i 1969 at det fortsatt var rester etter to kalkovner her, den ene var nokså godt bevart. Kalksteinsbruddet vises fortsatt godt. Et annet sted i nærheten er Limsteinsdalen, som ligger

nedenfor Skjælingsmyrene på Tolstadåsen. Det var her Hammergårdene dreiv utvinning av kalk i eldre tid. Det var ei sak om dette mellom Hammergårdene og Tolstad. Dommen endte med at Hammergårdene ikke hadde rett til å ta ved til kalkbrenningen, men retten til å brenne kalk fikk de beholde kunne Johs og Paul Kleiven berette i 1960.

Limsteinshuset er et mura hus som fungerte som lagerplass i nordre Myrum. Limsteinsmyra er ei myr nedenfor Synningsbakkene i Heimfjellet (den gamle veien mellom Langmyrene og Kvilarholet i enden av Flatningen). I tillegg er det brent kalk ved Strandsetrene, ved Hånåtjønn og i Storviksmorken, samt ved Tessekrokene og det er flere kalkovner ved Grov. Ved Brattlandsetra er det også flere kalkovner. Erland Grev fortalte i 1966 at det var gamle Anders Nettet, far til Ole A. Nettet som hadde drevet med kalkbrenning ved Skytningen og Hånåtjønnen. Han hadde også brent kalk ved Tessa og på den andre siden av Tessa ovenfor Synnesonstugu. Ola Myrom var en annen som også drev med kalkbrenning i Synstliene.

Anton Løvrusten fortalte på 1960-tallet at det ovenfor Nerlien var en liten slette ved gamlevegen som ble kalt Limsteinsflata. Her hadde det vært brent kalk i gamle dager. Det er fortsatt kalkrester i jorda her. Han fortalte også at hans bestefar (født i 1827) hadde opplevd en stor skogbrann i 1841. Han gjette den dagen og husket godt at brannen gikk nordover lia som en vegg. Det brant ned mye skog, særlig ovenfor Nerligardene. Han hadde lurt på om det var derfor de begynte med limstein brenning der, siden det var så godt med ved og trekull etter skogbrannen. Oscar Rotheim kunne fortelle at det er drevet med kalkbrenning på Rotheim også siden det er kalkstein der.

Kilder: Nordalsarkivet og Riksarkivet




Ørnberget i Finnfaret

Av Knut Ryen

Je gikk en sommerdag, antagelig mellom 1940-45 fra Runningssetra og ned på Pottet og oppatt under Ørnberget og opp heimafor det. Der så jeg et sted hvor det var hakket og hugget i fjellet. Ved nærmere ettersyn så jeg at det var hugget ut stein til peis eller ovn. Kanskje tørrstuguovner. Det vises at det er hugget ut i 3 høgder og 5-6 m langt. Hvordan noen kunne få tung stein fra denne plassen kan jeg ikke forstå.

I 1997 var Ola Grøslund m/fl og jeg der og så på dette. Da oppdaga Ola at det var skåre inn et navn, *JON*, der. Nå var jeg der att søndag 30. mai, og da oppdaga jeg at det var innskåret flere bokstaver lengere mot høgre, så langt ut at det rann vatn nedover det ytterste. Og der var det forvitra så jeg kunne ikke tyde det. Men de første bokstavene var tydeligere. *JON* var hugget slik som vist på bilde. Lengere til høgre var det *HAN*.... Det er mulig det har vært mere, men det er forvitra og borte. Utenom meg er det vel bare Ola Grøslund som kan påvise dette.

Rydland, 4. juni 1999



Knut Ryen ved Ørnberget juli 1999. Foto: Asbjørn Kvarberg



Ørnberget mot Skårvangen juli 1999. Foto: Asbjørn Kvarberg



Skiferbrotet i Nordheradslia ned mot Finna. Dette er eit gammalt skiferbrot. Frå 1964 og utover i ca. 25 år var det stor drift her. (Kjelde: Asbjørn Kvarberg 2005: Kulturminneregistrering i Nordherad). Foto: Knut Raastad

Kveinnstein frå Lalm

Av Arne Ryen

Til Vågå Historielag

Denne steinen henta Arne Hammer hos meg i Håmårslykkjun 23. juli. (Hentinga er fotodokumentert). Han har vore i kontakt med døkk før – og vi har skjönt at Historielaget finn å kunn' tåkå vare på steinen. Det er eg glad for!

Her vil eg fortelja um den nyaste historia åt steiné:

Like etter krigen sto han halvt uppreist attmed dråget som gjekk over myra millom Kveinnberget og Kolbotten. (På restane av denne vakre sletta som bar i seg alle kjenneteikn på ein gamal kolbott, og som på 1940/50-talet var ein samlingsstad på skuleturar og for leik og moro – svingar i dag lysløypa sørover millom ishockeybana og neregaste industribygget).

Far min, Iver S. Ryen (1905 – 1986) var lærar på Lalm skule frå 1936. Om lag 1946 fekk han hjelp av ein kar med hest, Anton Enge, til å køyre steinen ned til seg på lærarbustaden på Lalm. Her vart steinen sett oppå ein bjørkerank og vart til hågåbord. Då han flytta til eigen heim i (Nedre) Håmårslykkjun i 1962 tok han steinen med seg dit. Nå har eg lenge vinterdekt mot mogleg frostsprenging.

Skjønar eg kveinnsteinar rett, var denne tenkt som (roterande) ØVERSTEIN, avdi han har spor for feste til kveinnkallakslingen på øvre (og låkaste) sidun. Men kanskje vart alle sluttprodukt utforma slik at dei kunne fylle båe funksjonar – anten under- eller øverstein? Kvifor han vart sett att i myr'n er ikkje råd veta, og heller ikkje når det hendte. Var han eit låkare produkt – som tapte i kampen om plass i ei bekkjekveinn ein stad ute i verd'n...

Hamar, 25.07.2017

Helsing

Arne Ryen



Fotografiet av kaffelag kring hågåbordet må vera frå 1947 og teke på sørsidun tå lærarbustaden. (Han heldt svømmekurs i Vetlfet-tjøyn'n på Lalm i 39, 47 og 2 gonger seinare. Innsatsen hans førte til at svært mange lalmingar – både store og små - vart svømmedyktoge.)

Med på bildet frå venstre: Gudrun Ryen, Anne Marit Rasch, Mosse Rasch, «Rein», Arne Ryen, Sigmund Ryen, Ingerid Ryen, Liv Ryen, Iver S. Ryen, Kari Ryen, ukjent, Anton Ryen. Fotograf: Finn Rasch (som var morbror min)



Anmodning til Velocipedryttere

Da det flere Gange har vist sig, at Kjørende Heste skræmmes af Velocipedryttere, anmodes saadanne, der befare Veiene i dette Amt, om at iagttage følgende Regler:

- 1 Hvor Veien er saaledes beliggende, at man ikke kan se en længere Strækning af Veien foran sig, bør Rytteren sagtne Farten og give Signal med Jagtpibe eller Klokke.
- 2 Møder Rytteren en Kjørende, bør han i en Afstand af mindst 50 Meter sagtne Farten og hvis den Kjørende ved at vifte med Armen eller ved Tilraab begjærer det, stige af.
- 3 Kommer Rytteren bagefter en Kjørende, bør han give Tegn med Pibe eller Klokke og forøvrigt forholde sig som i Post 2 nævnt.



Anmodning
til
Velocipedryttere.

Da det flere Gange har vist sig, at Hjørendes Heste
strømmes af Velocipedryttere, anmodes hermed, der befare
Veiene i dette Amt, om at iagttage følgende Regler:

1. Hvor Veien er saaledes beliggende, at man ikke kan
se en lavere Strækning af Veien foran sig, bør
Rytteren iagttage Farten og give Signal med Røgpibe
eller Klokke.
2. Nader Rytteren en Hjørende, bør han i en Afstand
af mindst 50 Meter iagttage Farten og hvis den
Hjørende ved at vifte med Armen eller ved Tilnab
begynder det, sige af.
3. Kommer Rytteren bagfter en Hjørende, bør han give
Tegn med Pibe eller Klokke og forøvrigt forholde sig
som i Post 2 nævnt.
4. De farlige Veipartier «Byhrebergene» mellem Vaage
og Lom samt «Kvamskleven» i Valdres bør Rytterne
under enhver Omstændighed passere gaende.

Kristians Amt, 18de Mai 1886.
I. G. Skjoldborg.

4 De farlige Veipartier «Byhrebergene» mellem Vaage og Lom samt «Kvamskleven» i Valdres bør Rytterne under enhver Omstændighed passere gaende.

*Kristians Amt, 18de Mai 1886.
I. G. Skjoldborg.*

*Foto: Ved Storvik, nr. 2 f. v. Gunhild Sandbu, nr. 3 Rønnaug Snerle.
Foto frå Gunnar Sandbo*

Kvalfangarar frå Lalm

Av Arve Danielsen

Den 6. mai 2018 var det 50 år sidan siste kvalbåten kom heim frå Sørishavet. Fyrst på 1960-talet var sju lalmingar med på kvalfangst ved Sør-Georgia. Sju unge menn reiste ut for å tene pengar og oppleve eventyret. Mange gudbrandsdølar reiste ut på kvalfangst heilt frå tidleg på 1900-talet til «eventyret» var over i 1968. Per Ottesen som skreiv boka «Dølar på kvalfangst» har registrert cirka 250 mann frå dalen som reiste på kvalfangst i Antarktis. Sju av desse kom altså frå Lalm. Sju småbrukarsøner frå området rundt Eidefossen i Ottdale'. Å reise på kvalfangst i Sørishavet var ingen spøk for heimekjære dølar. Karane var borte frå oktober til mai. Arbeidsplassen deira var om bord i ein kvalbåt så langt borte frå heimbygda som det gjekk an å koma.

Det var svært mange frøningar som reiste på kvalfangst. For dei tok kvalfangareventyret til for fullt i 1949. Det skulle gå over ti år før fyrste lalmingen sette sjøbein ut frå kysten av Noreg med kurs mot Sørishavet. Dei sju som reiste frå Lalm var Pål Eide, Olaf Eide, Knut Løkken, Per Løkken, Arne Ulsletten, Tor Ulsletten og Lars Kleiven. I dag er det berre Lars Kleiven og Tor Ulsletten som lever av dei sju. Alle lalmingane mønstra på i selskapet Christian Salvesen & Co i Tønsberg, og båtane Southern Venturer og Southern Harvester.

Den lange reisa starta med buss frå «Foss-rampa» til Otta og tog vidare. Sjølve båtresa frå Tønsberg til Sør-Georgia vara ein månad. Her fekk karane stifte kjenskap med sjøsjuka. – Eg spydde berre eg køyrde buss frå Lalm til Vågå, seier Lars med eit smil. På den lange reisa var båtane innom Auruba i Sør-Amerika. For Gudbrandsdølane var dette eit tropisk møte med billig sprit, eksotisk frukt og andre ting. Om bord i båtane var det forbode med alkohol, men mannskapet fekk tildelt ein desiliter rom kvar fjortande dag. Tor som var berre 15 år gamal da han reiste ut, var for ung til å få servert alkohol. Han fortel at han var med på land i Auruba og at det var somme av reisekameratane som vart fulle. Ein som prøvde å lure med seg ei flaske om bord i båten, vart stoppa av vakter og

fekk valet om å helle ut innhaldet eller å drikke det opp før han gjekk om bord. – Ein kan vel seie det slik at innhaldet i flaska vart med om bord, seier Tor. Nokre av lalmingane på tur nedover eitt år, vart akterutseilt i Auruba. Dei fekk skyss med ein annan båt, men vart trekt i løn for denne transporten.

Dei yngste fekk oftast arbeid i messa, slik også med Tor. Han var om bord på Southern Venturer og hadde ansvar for å servere tolv karar som arbeidde i maskinen. På kvart skift som var på tolv timar, vart det servert tre måltid. – Maten var god om bord. Det vart kanskje for mykje bakalao, men saltakjøtet som var lagra i tønner, var godt, seier Tor.


Han fortel at ved servering av rasjonen med rom, måtte han melde frå til stuerten om kor mange glas han skulle ha. Tor hadde tolv personar han skulle servere, men plussa på til 16. Dermed fekk han fire rasjonar med rom sjølv. Men det skulle straffe seg. Ein del av kameratane fekk greie på dette og braut opp klesskapet og tok romen som Tor hadde lagra på brukte ketchup-flasker. Det var jul om bord også. På julekvelden var det to timar fri for å feire jula. Da var det god mat, ei flaske øl og ein dram.

Svært mange av gudbrandsdølane arbeidde på dekk med partering av kval, eller under dekk med koking av spekk og kjøtt, separering av kvalolje, produksjon av kjøttekstrakt og beinmjøl. Lars Kleiven arbeidde på dekket som jollegut. Jolleguten rodde ikkje båt, men var den som styrte med sneller og drog ut wire til vinsjane. Dette var ein svært tung jobb og passa best dei som var unge og sterke. Mange jobbar var organisert som lagarbeid. Eit flenselag bestod av to flensarar og to jollegutar. Lemmelaget bestod av to lemmarar og ein jollegut. Jolleguten var den på dekk som var lågast på rangstigen. Lars Kleiven fortel at han treivst som jollegut. Han var ute to sesongar på Southern Harvester.

Dei som var mest synlege på kvalkokeria var dei som arbeidde på dekk med nedskjering av kvalen. Dei hadde eit spesielt arbeidsmiljø der karane vassa i blod, spekk og kjøtt, innmat og store dyngar med blekk-sprut, reker og krill. – Tunga til blåkvalen var ekkel å trakke på. Den var seig og geleaktig, seier Lars. Han fortel at dei som arbeidde på dekk måtte ha sko med grove piggar under hælane for å kunne gå tryggare i klinet. Det kan vera vanskeleg å førestille seg korleis dette arbeidet var. Her var vinsjar og wirer, skodde og damp, is og uvêr, lukta av kval og



Tre finnkvalar er drege om bord. Karen til venstre er Lars Kleiven som arbeidde som jollegut.





*Det var ingen problem å få plass til ni mann i kjeften til ein blåkval.
Fremst til høgre sit Lars Kleiven.*

uroleg sjø under føtene. På spørsmål om uvêr, fortel Lars om ein orkan – den styggaste på 27 år i Sørishavet. – Da la kvalkokeriet seg i ly bak eit isfjell slik at arbeidet kunne fortsetje. Ein gong låg oss bak eit isfjell som var 15 kilometer langt, seier Lars.

Dekket på eit kvalkokeri var ein farleg arbeidsplass med lange sagblad som surra, wirer og vinsjar som kunne slå ein over ende. Ein måtte passe seg ekstra godt for at ein ikkje datt ned i hola over kjelane som kaka spekket og kjøtet, eller kjøttkverna som vart kalla «rosa».

I sesongane medan lalmingane var på kvalfangst, var det ingen alvorleg ulykker. Men ei hending sit likevel att i minnet etter 57 år. Ein ung kvamvær døydde av hjartesvikt under ein fjelltur, og han vart gravlagt ved Leith Harbout. Kvamværen arbeidde på same båt som Tor; Southern Venturer. Før gravferda måtte båten gå ut frå hamna for å gje plass til systemskipet Southern Harvester. Båten Lars var på. Dermed fekk ikkje arbeidskameratane vere med i gravferda. Men det var dølar på båten til Lars også, slik at kvamværen fekk følge av sambygdingar til grava.

Løna var god. For åtte-ni månaders arbeid fekk dei utbetalt ti-tolv tusen kroner. Lars og Tor fortel at det ikkje var alle som hadde att så mykje når dei kom heim att. Det kosta å vera kar. Dagen etter at Lars kom heim att etter kvalfangst i Sørishavet, vart han med på tømmerfløyting i Ottaelva. Ein stor kontrast.

Faktaopplysningar frå Store norske leksikon og Wikipedia:

Rederiet Chr. Salvesen & Co. Ltd. var registrert i Leith i Skottland, etablert i 1872 av ein nordmann. Kokeria Southern Venturer og Southern Harvester mottok fangst frå rundt ti kvalbåtar kvar. Landstasjon på Sør-Georgia var Leith Harbour. Ein stor del av mannskapet var nordmenn, og utrustinga skjedde hovudsakleg i Norge. Onesimus Andersen var Salvesens representant i Norge og stod for hyre av mannskap, utrusting og vedlikehald mellom sesongane, samt utbetaling av pensjonar til mannskap og etterlatne. Andersen hadde opp til 8 – 10 personar på kontoret i Tønsberg. Red.

Randsverk Turiststasjon/Tronhus

Av Tor Henning Evensen

Min historie om Randsverk Turiststasjon / Tronhus. (*Omarbeidet etter kåseri på kveldstur til Randsverk med Vågå historielag 13. juni 2018.*)

Bakgrunn Jeg er egentlig zoolog og lektor. Jeg skriver dette fordi jeg er gift med Kristin Borud, som er den som har familietilknytning til Randsverk Turiststasjon, eller bare Tronhus, som vi oftest kaller stedet. Jens Tronhus (1846-1924) var Kristins oldefar. Det som jeg kan om Randsverk Turiststasjon er det som jeg har blitt fortalt, som det har blitt snakket om, og som jeg har lest meg til gjennom mer enn 40 års tilknytning til stedet. Magien rundt minnet om Jens Tronhus sto sterkt da jeg kom inn i familien, og er fortsatt til stede.

Stedet har hatt flere navn: Jens Tronhus' seter, Randsverk Seter, Randsverk Turisthotel, Randsverk Hotel og Randsverk Turiststasjon. I dag bruker vi navnene Randsverk Turiststasjon og Tronhus litt om hverandre.

Det ble gjennom 1900-tallet skrevet mange store og små artikler om Randsverk Turiststasjon/ Tronhus i aviser og ukeblad, og vi har liggende utklipp av det meste. Og Tronhusfolket er hederlig omtalt i mange bøker om Jotunheimen og fjellet. Fortsatt er det en del papirer vi ikke har gått gjennom, bl.a. finnes det en del interessant korrespondanse mellom Tronhusfolket og verden utenfor. Så her ligger grunnlag for mer skriverier. Når det gjelder fotografier, så dukker det stadig opp nye bilder av Tronhus i det digitale mangfoldet, og dette utfyller bildet vi har av stedet.

Dessuten - jeg har skrevet en lengre studieoppgave om Randsverk-turister og matkultur i tidligere tider. Denne oppgaven beskriver og sammenligner årene 1912 og 1964. Disse årene representerer perioden mens Jens Tronhus drev på sitt beste, og perioden med pensjonat/kafeteria på 1950-60-tallet. Det var ganske lærerikt å sette seg inn i dette.




Jens Tronhus foran sitt livsverk, med nybygd to etasjes privatbolig, rundt 1920.

Mange i Vågå har god kunnskap om gårdshistorie og slektshistorie i bygda, mange er mer eller mindre i slekt eller familie med Tronhus-folket, og mange vet like mye som meg, gjerne mer, om historien til Tronhus og Tronhusfolket. Det som skrives her blir derfor først og fremst om selve stedet, slik jeg har lært det å kjenne, og ikke så mye om Jens Tronhus sin familiebakgrunn og forhistorie. For den historien er verdt en artikkel aleine.

Historien

Kristins farmor, Mari Tronhus, var datter av Jens Tronhus. Han var igjen sønn av den legendariske fjellmannen Peter Munch Tronhus (1816-1900), gift med Kari Bergsveinstuen. Peter kom fra Munch-familien i Vågå, og tok imot turister på Bessetra ved Øvre Sjødalsvatn i 20 år fra 1876-1896. Historiene om han er mange, og ikke minst forfatteren Theodor Caspari har gitt Peter mye positiv omtale, bl.a. I en artikkel i «Julen 1937» om Peter Tronhus. Rensjeger'n og fele-speller'n fra Vågå. Jens ble etter hvert nesten like legendarisk som sin far. Dersom vi tolker familieboka til Johan Storm Munch rett, så var Jens Tronhus også tremenning til Edvard Munch, men det er en annen historie.

Jens Tronhus kjøpte i 1881 det som i skjøtet kalles Amundseter (uttales gjerne Omonsæter) fra Johannes Jensen Wiborg. Jens bygde opp både hus og inventar fra bunnen av. Han sa selv at han «begynte med to tomme hender og en stor uanfikk, og [...] det inventar som da fantes i bygningen var en nesten ubrukkelig tvare og en like ubrukkelig krakk». Dette refereres det til i en artikkel om Tronhus i bladet Urd fra 1946. Fra å være ei nedslitt seter bygde han gjennom noen tiår opp Randsverk Turiststasjon til det som skulle bli en av datidens fremste turistvirksomheter i denne delen av Jotunheimen. Rundt forrige århundre-skift var Randsverk siste utpost på veg innover i fjellet, og mange av tidens fjellvandrere var innom og bodde hos Jens Tronhus før siste etappe inn i fjellheimen, eller på tur hjemover etter turen.




Skjøtet da Jens Tronhus kjøpte Omonsæter i 1881.



Gammelt postkort omtrent fra da Jens Tronhus kjøpte stedet.

I tillegg til mange andre gjøremål var Jens fører for flere av datidens celebriteter på tur og på jakt i fjellet. Kjent er historien om Jens som kjentmann for forfatterne av boka «Tre i Norge ved to av dem». Teltet og mye av utstyret til disse tre er fortsatt i familiens eie, men er i dag utstilt på Norsk Fjellsenter i Lom.

Kronprins Gustav av Sverige var også i Jotunheimen på jakt, og det går flere historier om Jens som fjellfører og jaktkamerat med kronprinsen. Etter en vellykket jakttur under Nautgardstinden fikk Jens som takk en flott sølvpokal med inskripsjon: «Fra Kronprindsen til Jens Tronhus. Erindring om Storbukken under Nautgardstinden August 1899». Pokalen har vi fortsatt.



Attest til Jens Tronhus fra en av de «Tre i Norge».



Kronprins Gustaf av Sverige, Jens Tronhus og hoffjegermester Thomas Fearnley etter en vellykket reinsjakt.

De «forfalne smaahuse ble efterhaanden erstattet med hovedbygning og smaastuer, delvis med peis og værelser» kunne man lese i Tidens Tegn allerede i 1911. Etter hvert besto turistanlegget i Randsverk, i tillegg til privathus, av en toetasjes hotellbygning med kjøkken, pluss flere mindre overnattingshytter, til sammen 28 hus med smått og stort. Uthus for gårdsdrift var en del av det hele. De siste årene av Jens sin levetid bygde han seg et nytt toetasjes privathus for seg og sin familie.

Jens var gift to ganger og hadde til sammen 9 barn. Med sin første kone **Mari** Hansdatter Sandbakken (1846-1880) hadde han barna Kari og Peter.

- **Kari** (1872-1958) ble sendt til Amerika av hoffjegermester Thomas Fearnley, som mente hun hadde et litt for nært forhold til hans sønn mens hun tjente hos Fearnley i hovedstaden. Hun giftet seg i USA og fikk en sønn som hun kalte Thomas Fearnley! Mannen døde, og hun giftet seg påny med grunnleggeren av isshowet Holiday on Ice. Isshowet besøkte Norge flere ganger.
- **Peter** (1875-1958) var eneste sønn etter Jens. Han overtok ansvaret for Randsverk Turiststasjon da Jens gikk bort. Det fortelles om Peter at da han merket at slutten nærmet seg i 1958, så la han seg til sengs i Petterkammerset og begynte å syngesanger som han kunne. Han sang dag og natt. Da han ikke kunne flere sanger, døde han.

Jens sin første kone døde i 1880. Han giftet seg like etter med **Brit** Johannesdatter Skjellum (1853-1929). Med henne fikk han 7 døtre:

- **Mari** (1881-1947) giftet seg med kjøpmann Ole O. Borud på Lillehammer, og fikk 2 barn. Hun ble altså mitt bindeledd til Randsverk Turiststasjon, siden hun var farmor til Kristin.
- **Rønnaug** (1882-1967) giftet seg med Kristoffer Bakkom i Randsverk. De fikk ingen barn.
- **Kari** (1885-1950) (den første Kari hadde dratt til Amerika, så navnet kunne brukes påny!) giftet seg med Hans Nettet i Randsverk. De fikk heller ikke barn.
- **Magdalene** («Malene») (1887-1958) giftet seg med Ola Storvikseter. De fikk ett barn, som dessverre ikke vokste opp.
- **Anne** (1890-1952),
- **Julie** («Dulle») (1892-1975) og
- **Karen** (1895-1966) forble ugifte, og ble boende på Randsverk Turiststasjon hele sitt liv.




Jens Tronhus med familien, rundt 1900. Den eldste dattera er Kristins farmor.



Jens Tronhus med familie, på trappa foran Hotellbygningen rundt 1915.

Etter Jens Tronhus' død fortsatte de ugifte barna hans med å ta imot og servere turister fram til etter den andre verdenskrig. Nå var det Peter Tronhus d.y. som var «hotellvert». Parallelt med pensjonat og kafé drev de gårdsbruk, slik Jens også hadde gjort. Det var da stedet fikk navnet Randsverk Turiststasjon.

Her bør også nevnes at det foregikk mye husflidproduksjon på Tronhus denne tiden. Det ble vevd mange stoffer som fremdeles er i bruk, og den gamle veven står der ennå. Gjennom bekjentskap med hoffdame Marit Fabricius fikk «tantene» (Anne?) også i oppdrag å strikke flere par votter til dronning Maud. Et av parene inneholdt en liten feil, og de ville ikke sende dette paret til kongehuset. Disse vottene har vi fortsatt. Vågå Husflidslag utlyste for noen år siden konkurranse om Vågåvotten. Da nedtegnet Kristin mønsteret til de gamle vottene, og vant konkurransen. Det som i dag kalles Vågåvotten er altså Dronningvotten fra Tronhus.



På Tessand Skule finnes en malt kulisse som brukes ved 17. mai-feiring. Her er Tronhus malt ved foten av Glittertind. Kulissen inneholder også andre kjente landskapselementer fra Vågå. Bildet viser at Tronhus har en sentral plass lokalt.



Avisutklipp av dronning Maud og kong Haakon, med votter fra Tronhus.



Noen av tantene som har gitt navn til Tantehuset på Tronhus: Rønnaug, Julie og Karen.



Inga og Karl Klashaugen med hjelpere foran Hotellbygningen. (Bilde utlånt av Ranveig Steine, nummer 2 fra venstre.)



Da vi giftet oss på Tronhus 15. juni 1974. Tante Julie nummer 2 fra høyre.

Perioden fra 1924 til 1960 vet jeg for øvrig ikke så mye om, uten det at virksomheten gikk i samme spor som i Jens Tronhus sin tid. Nytt fjøs ble bygd i 1933, men ellers er inntrykket at det var så som så med vedlikeholdet. Og så kom jo krigen og satte en stopp for turistvirksomheten i flere år.

Bortsett fra noe renovering av enkelte overnattingshytter, og nytt fjøs, var bildet av bygningsmassen i årene etter krigen omtrent som da Jens døde. Den største forandringen var nytt kjøkkentilbygg på Hotellet i 1950. Og det som hadde vært familienes bolighus tidlig på 1900-tallet, Gammelstugu, ble i 1953 revet, og et nybygg i samme lafestil ble satt opp. Dette ble nå kalt Nedre Peise-stue, og var som tidligere bygd sammen med den eldste peise-stua, det som senere ble gårds-museum. Men dette forandret lite på bygningsbildet rundt tunet.

I de første årene etter krigen var pensjonatdelen bortleid til forskjellige personer som i kortere tid drev virksomhet som tidligere. Inga og Karl Klashaugen fra Heidal leide det meste av stedet i mer enn 10 år på 1950- og 60-tallet, fra 1958 til 1969. De drev førsteklases pensjonat og

kafeteria. Overnattingsgjester ble innlosjert både i Hotellbygningen og i andre hytter og rom på gården, til sammen en kapasitet på 25-30 sengeplasser. To av Jens sine gjenlevende døtre, Karen og Julie, som nå var over 60 år, hadde omvisning i gårdsmuseet og fortalte stedets historie. Pensjonat og kafeteria ble drevet som en typisk familiebedrift. Tre retters middag, servering i bunad, hvite duker og hvite tøyservietter. Kristin kaller denne perioden for den andre glansperioden på Tronhus (den første var i Jens sin storhetstid), men det har vel også noe med å gjøre med hvordan hun opplevde dette som barn.

På 1960-tallet ble bil og busstrafikk en del av fjellturismen, og i Nedre Peisestue drev familien Klashaugen kafeteria-virksomhet for bussgjester og for andre gjester på dagsbesøk. Voksne vagværer husker godt at det den gang var busstopp på tunet på Tronhus, med ½ times opphold før videre kjøring innover Sjødalen. Kaffe, rømmevafler og rømme sto sentralt. Serveringen var intens og effektiv! Nedre Peisestue ble fortsatt bare kalt kafeteriaen da jeg kom inn i familien midt på 70-tallet.


Jeg var første gang i Randsverk en regnværsdag i august 1973. I juni året etter hadde Kristin og jeg bryllup på Randsverk Turiststasjon. Det var den tiden da Helge Baardseth leide stedet og drev med pensjonat, leirskole og islandshester. Fortsatt levde den siste av døtrene til Jens Tronhus, Julie Tronhus, av oss bare kalt tante Dulle. Hun døde i 1975. Kristins far, Ole Jens Borud og hans bror Bjarne Borud, var da de eldste etterkommerne etter Jens Tronhus.

De hadde også vært formelle eiere siden langt tilbake. I 1974 ble eierskapet til Randsverk Turiststasjon overdratt til neste generasjon, før loven trådte i kraft som gjorde det nødvendig med konsesjon og boplikt for å overta.

I Helge Baardseth sin tid som leietaker på Tronhus (1970-1975) ble det gjort mye oppgradering av rom og bygninger. Gamlestallen med utedoene ble revet i 1972, og nytt sanitæranlegg med leirskolestandard ble bygget der stallen sto. Bjørn Halvorsen, svoger til Helge, overtok leieavtalen og drev Jerven Leirskole fra 1975 til 1982. Fra 1982 til 1987 var det et kortvarig forsøk på gårdsdrift/ turistvirksomhet ved Kristins søster Marte og hennes daværende ektemann Johan Falch.

Familiesiden Familiesiden Familiesiden

Asfalt-barn er „Krutrøyk-cowb



Steller og fører sin hest på rideleiren

Tretten år gamle Anne Mari fra Risø synes edet er toppens å være på rideleir, hvor hun må opp i otta for å føre og stelle «sin» hest hver dag aken igjen. Helge Baardseth fra Oslo har sagt byen forsvart og er blitt fjellkar så god som noen.

Til høyre: Landsverk Turiststasjon, som har lange tradisjoner som uterpreget bevertnings- og overnattingssted i Vågå. Her og i Trondheim møter Selma Lager-

Ferielekeplasser for barn på Fyn

For tredje gang har Legepladsforeningen for Fyn fått til såkalte sommerferielekeplasser for barn. De er fordelt på ti stier og er i alt sammen ni styk-

Aftenpostens medarbeider. REIDUN KVAALE

Vågå 1. juli. Når jull-skumringen faller på og myggen tar til å danse over myrull og lyng, kommer en flokk ryttere ned fra fjellet. De er på tur til Tronhuset Turiststasjon i

bjerkeløvstene nokså ublidt kan svelpe over ansiktene. De har lært å tøyle sin hest, enten den går i «pass» eller i «tølt» — som er islandshestens to spesielle gangarter i tillegg til trav og galopp.

— Og denne sterke, kjøppehesten som er et vanlig rideedyr i lavalan-

skrev
Norge
rendt
løftet
beve

Helge Baardseth tok seg av ungdommer på Tronhus. Avisutklipp fra Aftenposten 1971

Rafting i Norge startet for alvor i Sjøa. Norwegian Wildlife & Rafting (NWR) leide Tronhus i sommerhalvåret fra 1988 til 1999, både som bolig, administrasjon, utstyrslager, gjestemottak og innkvartering for guidene sine. Det var stor aktivitet på tunet disse årene. Men 10-12 år med rafting på Tronhus medførte mye slitasje, både utvendig og ikke minst inne i bygningene.

De første årene etter rafteperioden senket roen og freden seg over Randsverk Turiststasjon, og stedet ble mer eller mindre et feriested for eierne, med litt utleie sommerstid. I april 2006 ble to av hyttene, Røsjøstugu og Generalstugu, totalskadet i brann. De ble revet i 2007, og to nye hytter, svært lik de opprinnelige, ble gjenreist på grunnmurene for forsikringssummen, nå også med innlagt vann. Som de første på Tronhus ble det også dusj og do i hyttene.

Fra 1974 var altså Tronhus et sameie med 5 eiere. Kristin var en av dem. Det er ingen grunn til å legge skjul på at sameiet gjennom mange år var en utfordring og en bremse for investeringer og utvikling og bruk av stedet.

GRATIS AVIS • 9. ÅRGANG 1999

NWR

NYTT

NORWEGIAN WILDLIFE & RAFTING A/S

Norsk s. 4-5

English s. 6-7

Deutsch s. 8-9

Tlf. 61 23 87 27
Fax 61 23 87 60

NWR

NORWEGIAN WILDLIFE & RAFTING A/S
Randsverk 3000 Sjøa Tlf. 61 23 87 27 • Fax 61 23 87 60

• Opplev det norske villmarks-eventyr...

Tronhus var identisk med NWR Rafting Senter i 10 år.

Gjennom årene overdro eller solgte de andre sine andeler på en slik måte at Kristin fra 2012 satt som eeneier. Siden da har vi investert over 1 million til flere nye tak, ny vanntilførsel og for å ta igjen mange års manglende vedlikehold.

Og det er behov for å bruke mye mer. Antall arbeidstimer er veldig stort, men ikke bokført. Det bør også nevnes at vi har hatt stor glede av penger tildelt fra Norsk Kulturarv, fra STILK/SMIL-midler, fra Kulturminnefondet, og fra Gjensidige i de tilfeller der forsikring har vært inne i bildet. En stor takk til alle disse!

Framtida

Etter at vi overtok som eeneiere har vi hatt som hovedmål å sette i stand alle bygninger etter 40 års slitasje uten mye vedlikehold. Vi nærmer oss, med mye egeninnsats og altså relativt store utgifter. Samtidig har vi gradvis prøvd å få til såpass mye utleie at utgifter til årlig drift blir dekket, og kanskje også litt til videre renovering. I boka Norske ødegårder fortelles historien om stedene som ble forlatt. Vi har gjort vårt beste for at Tronhus ikke skal havne på denne lista!

Vi hadde lenge en drøm om å ha sommerkafe og kurs for slitne lektorer. Men vi må være ærlige på at vi er såpass gamle at vi ikke lenger har stort fokus på det å være innovative på nye og spennende ideer for Tronhus. Vi har imidlertid hatt flere store brylluper og jubileer her de siste 20 årene, og når festsalen Nedre Peisestue får nytt golv og tak (dette er planlagt i 2019) kan det kanskje bli flere festligheter. Den tidligere kafeteriaen er fine festlokaler for dem som vet å sette pris på slikt, med et staselig framskap skåret av Sylfest Skrinde (1732-1785) som flott ramme om festen. Og da er det kanskje ikke umulig at vi likevel drar i gang en sommerkafe i de samme lokalene.

Etterhvert vil forhåpentligvis nye generasjoner av familien overta ansvaret, og hva de vil gjøre med Randsverk Turiststasjon vet vi ikke ennå. Vi er bra fornøyd med å levere stedet videre i langt bedre stand enn da vi overtok!

Noen kilder:

- *Mange gode samtaler med folk.*
- *Gamle papirer som finnes på Randsverk Turiststasjon.*
- *Caspari, T. (1937): Peter Tronhus. Rensjeger'n og felespeller'n fra Vågå.*
- *Artikkel i Julen 1937. Riksmålsforbundet.*
- *Engen, A. (2000): Skap i Gudbrandsdalen. C. Huitfeldt Forlag, Oslo.*
- *Evensen, T.H. (2004): Randsverkturister og matkultur i tidligere tider.*
- *Upubl.semesteroppgave, UiB.*
- *Gasmann, J. (1946): Tronhuus på Randsverk. Artikkel i URD nr. 5, 02.03.1946.*
- *Lees, J.A. & W.J. Clutterbuck (2001): Tre i Norge ved to av dem. Andresen & Butenschøn, Oslo. Ny oversettelse.*
- *Morgenstjerne, O. (1911). Jens Tronhus. Artikkel i Tidens Tegn nr.70, 12.03.1911.*
- *Morten, Ø. & P. Hermansen (2017): Norske ødegårder. Vigmostad & Bjørke, Bergen.*
- *Munch, J.S. (2000): Munch. Familiebok 1686-2000. Lokalhistorisk Forlag, Lillehammer.*

Frå Sande til Sikkilsdalen

Av Knut Raastad

I 2018 vart det i Sikkilsdalen og Skåbu markert at det var 150 år sidan Sandefolket kom frå Vågå. Det var Lord Charles Bamford som fekk tak i Sjugurd Sande som kjentmann og forpaktar. Bamford hadde slott i Cambridge, men budde i Røyken og dreiv med gruvedrift for å finne sølv. Dessutan organiserte han eksport av is til England. I 1868 kjøpte han Sikkilsdalen, han kjøpte også Bessetra (Petter-Bessa) i 1870. Den dag i dag står Bamfordnaustet på austsida av Øvre Sjaadalen tvert over vatnet frå Bessa. Jo Gjende var førar for Bamford i reinsfjellet, men da han ikkje ville lenger, fekk Jo tak i ein annan dyktig fjellkar. Det var Sjugurd Sande, og da vart det ikkje berre som jaktfølge.

Sjugurd busette seg i Sikkilsdalssetra med familien i 1868 og setra har sidan vore forpakta av Sandefamilien. Dette vart eit av Norges høgstliggjande gardsbruk 1016 meter over havet. Alt i 1870 bygde Sjugurd nytt sel med gjesterom og turistverksemda vart ein del av drifta. I 1874 selde Bamford Sikkilsdalen til eit interessentselskap i Kristiania, og i 1881 kjøpte staten Sikkilsdalen for hestavl.

Theodor Caspari skreiv om Sjugurd Sande og Peter Tronhus frå eit lystig lag der dei dansa springleik: «Midt i kredsen danserne, lange lutne Peter og den firskaarne Sjugur, haand i haand – rundt i ring – med løierlige hopp og kast, snart paa to og snart paa fire.» Caspari kalla Sjugurd for «Høifjeldsbjørnen».


Syver Knutsen Sande vart fødd 18. august 1829 (død 1896). I dialekta i Vågå blir Syver uttala som Sjugurd. Mange nemner han som Sjur, men det er også etterkomarar som brukar Sjugurd om han. Faren Knut Syversen Sande (1796-1838) vart stanga i hel av ein ukse nord for stabburet på Sande i 1838, og mora Anne Jakobsdotter (1808-1886) frå nabogarden nigard Berge gifta seg opp att med Jakob Hansen (1803-1883) frå nordgard Valde, ein annan nabogard. Sjugurd hadde mange syskjen: Eldrid (1832-1832), Jakob (1833-1896),

Østen (1837-1863), Knut (1840-d.e.1900), Eldrid (1844-), Hans (1849-) og Iver (1852-). Dei tre siste reiste til Amerika. Østen var gift med Mari Grev og hadde to barn, ho vart som enkje gift på nytt med Ivar Vetlesæter. Jakob og Knut var ugifte og budde att på Sande.

Sjugurd vart 1865 gift med Anne Jonsdotter Vassbakken (1841-1912) frå Sel, og medan dei var på Sande fekk dei barna Marit (1864-1953) og Anne (1867-1953). Vassbakken eksisterer ikkje i dag, dette bruket låg vest for Selsvatnet, like vest for Sanden og Bakken. Mora var Anne Hansdotter f.1802 Vassplassen (som også er kalla Vandet) frå andre enden av Selsvatnet. Faren var John Pedersen Rosteneiet (1803-1870), frå 1830 er han kalla Skaaraeie som er det same som Vassbakken (Vassbakken var husmannsbruk under Skaaraa).

Sjugurd var 38 år gammal da dei reiste til Sikkilsdalen, men det var ikkje han som dreiv Sande. Stefaren Jakob var 65 år gammal, og det var han som bygsla garden. Sande tilhørde prestbolet i Vågå, og forpaktaren betalte jordavgift til presten. Men fire år seinare i 1872 kjøpte Ole Amundsen Bu garden Sande frå staten. Siste forpaktaren Jakob Hansen la inn bod i forståing med Ole Bu slik at Ole Bu fekk skjøte. Det er ikkje grunn til å tru anna enn at Sjugurd kunne fått kjøpt Sande i 1872. Kjøpesummen var 1600 spesiedalar forutan påkvilande jordavgift 424 Spd 6 s og føderåd verdsett til 253 Spd, til saman 2277 Spd 6 s. Det vart utskrivni panteobligasjon til Opplysningsvesenets fond på 1600 Spd og til obligasjonen trongst det to kausjonistar. Men reist jordavgift skulle betalast også, kanskje var det vanskelegare. I 1872 var Sjugurd alt etablert i Sikkilsdalen, og fjellet lokka vel meir enn gardsdrift på Sande.

Bestefar til Sjugurd Sande var også fjellmann, han heitte også Sjugurd Sande og var med i den vidgjetne bjønnjakta i Sikkilsdalshøa da Ola Sandnes kraup inn i hiet til bjørnen. Dette står det om i «I Gamle Daagaa» av Ivar Kleiven. Det vart sagt om folket på Sande at dei gjorde fort frå seg onna og kom seg til fjells. Dei hadde seter i Besstrond, og det var godt utgangspunkt for både jakt og fiske. Sist på 1800-talet hadde brukaren på sygard Storvik valet mellom Besstrond og Legun ved Lemonsjøen som seter, og det blir sagt at han valde Besstrond pga. fiske.



Sjugurd (Sjur) Sande, måleri av Bjørn Valde Aasheim 1964.

Oldefar til Sjugurd heitte Knut Sande, han hadde ein bror som heitte Hans og om han står det at han både ”paa Sind og Legeme er ubeqvem”. Hans Sande fødd ca. 1738 er i folketeljinga 1801 nemnd som vanvittig. Det kan ha vore han som gjekk til Grasvika etter hjelp da det brann. Etter å ha sitji ei tid sa han at ”det breinn godt i Besstrond nå, takåsen datt ned da e gjekk”.

Etter at Ole Bu overtok, fekk Anne og Jakob føderåd. Dei skulle på si levetid ha rett til å bruke eit jordstykke og ha nødvendig hestehjelp til å bruke denne jorda. Dei skulle ha røgt av to kyr og åtte sauer og adgang til fjøset om dei sjølve ville fø ei ku. I varer skulle dei ha fire tønner bygg, to voger salt, ei halv pakke bomullsgarn og eit slaktnaut. Ellers skulle dei ha nørdre stugu til å bu i og fri brensel og dessutan bruk av eit stabbur. Etter at Jakob og Anne var daude vart det halde lausøyreauksjon i 1886, dødsbuett fekk inn kr 447,75 som vart fordelt på arvingane. Buskapen på 2 kyr, 4 geit, 4 søyer med lam og ein vær hadde størst verdi, vidare hadde sengeklede høg sum. Av anna kjøpte Thor Blakar på Sandnes stuguklokke og to bøler, prisen på klokka var kr 15.

Eldste sonen til Sjugurd, Knut f.1873, var som gutunge på besøk hjå bestemora. Han skulle gå til butikken i Vågåmo og byte korn med kjøpvare. På Fellese gjekk vegen i gjennom garden hjå lensmann Walle. Der vart Knut skremd av ein hund og laut redde seg over ei hafelle med det resultatet at han fekk hol i kornsekken og spilte ein del korn. Det vart mindre å kjøpe vare for, men noko vart det. Bl.a. kjøpte han sukker, det dei kalla stongsukker. Men på vegen heim att fekk han hug til å smaka på sukkeret, og åt da opp ein del. Det vart ikkje mykje å koma heim att til bestemora med.

Ole Bu selde Sande til svogeren Gudbrand Strond alt etter to år i 1874. Så i 1880 bytte Gudbrand gard med broren Nils, slik at Gudbrand fekk heimgarden nordpå Strond medan Nils fekk Sande som ligg ved sidan av sygard Valde dit Nils var gift. Det er etterkomarane etter Nils Strond Valde som har Sande i dag.

Ivar Valde Sande (1865-1953) frå sygard Valde tok til på Sande i 1895, han kunne fortelja at han i ungdommen kunne vera på Sande og spela kort med karane som budde att det. Det måtte vera brørne til Sjugurd, Jakob f.1833 og Knut f.1840, og det kunne også vera stefar hans Jakob f.1803.

Det var vel også noko dramming attåt kortspelet, og ei episode var at ein av dei laut ut å løyse broka. Han var berre nedanfor gammelbua, men kom nedi med bakenden så han for rundt med broka nede på hælane. Knut Sande som var skreddar budde att på aurbusstugu på Sande til 1900, da flytte han til nördre Kviten. Det vart sagt at han var den som hadde teke ikring flest kvinnfolk i Nordherad (kanskje ikkje så rart når han var skreddar).

Etter at Sjugurd og Anne kom til Sikkilsdalen fekk dei barna Kari (1870-1950), Knut (1873-1940), Hanna (1875-1956), Sigurd (1877-1942) og Marit (1883-1960). Tvillingane Østen og Johan døydde under fødselen i 1879. Den eldste Marit reiste til Amerika da ho var 17 år i 1881, derfor fekk den siste også namnet Marit. Ho vart fødd 17. april 1883 og vart heimedøypt, men ho vart døypt på nytt i Vågå 2. september. Hanna og den yngste Marit var ugifte, og det vart dei som overtok ansvaret for turistverksemda og gardsbruket saman med broren Knut. Anne f. 1867 var gift med Erik Løften, dei tre sønnene Sigurd (1890-1978), Nils (1893-1975) og Anton (1896-1967) budde også i Sikkilsdalen i lang tid. Kari f. 1870 vart gift med Oluf Brendløyken (1875-1863), han var hestgjætar i Sikkilsdalen frå 1906 til 1945. Sigurd f. 1877 gift med Kari Moen budde i Skåbu.



Frå Sikkilsdalsæter 1899. Truleg er det f.v. Anne Sande med døtre og sønner Marit, Hanna, Knut, ukjent og Sigurd. Foto frå Grete Steigen, Vågå historielags fotoarkiv



Sikkildalsøter påska 1899. Foto frå Grete Steigens Klonessamling, Vågå historielags fotoarkiv

Sjugurd Sande var på snurufangst ovanfor Grasviken da han reiste i ei snøskriu frå Svartberget sist på 1890 talet, berre hovudet og handa stakk fram av snøen. Det var folk i Grasviken som låg der på vintersetring, dei høyrde han ropte og fekk redda han ned til setra. Han var så hardt skada at han vart liggjande i Grasviken reisten av vinteren før han kom seg attende til Sikkilsdalen. Men han kom seg aldri og døydde 69 år gammal i 1898.

Knut f.1873 var gift med Marit Ødegård (1875-1954) frå Bruøygard i Vårdalen i Lom, foreldra var Nils (1842-1891) og Anne (1842-). Marit var sydame og budde både i 1900 og i 1910 på Moen i Vågåmo som truleg er det som seinare er kjend som hjå Svareie. Dette var der skreddar Johannes Dal (1834-1891) tidlegare budde, og i 1910 var det i tillegg til Marit registrert fire yngre ugifte kvinner der som er nemnde som «syjomfru». Seinare budde Marit saman med barna Sigvald, Anne og Nils på Postmo i Vågåmo, da kunne dei gå på skulen der. Det er mellom fem og seks mil mellom Vågåmo og Sikkilsdalen der Knut heldt til. Avhengig av årstid og vør og føre gjekk turen enten om Bessheim og over Sikkilsdalsmunnin og etter Sikkilsdalsvatna, eller så var det å gå om Grasviksetra over Storkvelven og Skåltjønna. Det var da vanleg å overnatte i Grasviken der det var vintersetring.

Sigvald Sande (1910-1980) overtok drifta i Sikkilsdalen i 1946 og dreiv med kyr fram til 1959 da familien flytte til Skåbu. Sigurd Sande Eriksen og ein kar til stelte sau der eit par år til, men i 1962 flytte også han til bygda. Det er etterkomarane til Sigvald som driv Sikkilsdalssetra i dag.

Kjelder:

- *Jon Kolden 2000: Bygdabok for Lom 1*
- *Arvid Møller 1989: Sikkilsdalen*
- *Kyrkjebøker, folketeljingar, pantebøker*
- *S K Granum: Norske gardsbruk 1953-1997*
- *Engen, Lauritzen, Øvsteng, 2000: Sjodalen*
- *Tordis, Georg og Sjur Sande*
- *Tor Varpestuen*
- *Paul Brun*
- *Munnleg tradisjon på Sande*

Rokkemorokkane

Av Ivar Viste Flatum

Her i bygden fins det ei mengd Rokkemorokkar. Dei fins også i dei andre nordalsbygdene. Sjølv har eg sett fleire av dei på Dovre. Rokkedreiarane på Rokkemoen må ha vore uvanleg produktive, og dei må ha vore flinke til å distribuere rokkane sine. Rokkane frå desse rokkedreiarane er alle uvanleg velgjorde, og dei har alle same hovudforma, eller design, som det vel heiter i dag.



Rokkemorokk. Laga på 1860-talet mest truleg av Iver Isaksen f. 1809 eller Ole Iversen Brækken 1836-1917. Iver Iversen var også smed. Truleg smidde han snellepipa og hjulsveiva. Foto: I. Flatum

Her hjå meg i Vistemo står det ein av desse rokkane. Den har si eiga historie. På slutten av 1880-talet kom denne rokken hit. Den var opphaveleg laga til Kari Sve, kona til Tor Sve landkremaren på Kremarsanbu. Det vart på denne tida født ei jente i Vistemo. Ho vart oppattkalla etter Kari Sve, «mosyst» hans oldefar. Ho ville difor at rokken hennar skulle hit. Det var vel ei kjenslehandlung frå eit gammalt menneske, vil eg tru. Denne rokken er uvanleg velgjort med mykje dekor. Eg har sett mange Rokkemorokkar, men ingen så staseleg som denne. Den vart som vi forstår, laga til ein mottakar med pengar. Truleg vart denne rokken prisa noko høgare enn vanleg.

Kven var så desse rokkedreiarane?

For å finne ut av det, kan vi ta utgangspunkt i Folketeljingane på 1800-talet. Der er yrkestitelen og fødselsår oppgjeve. Tek vi for oss tellingane i 1875 og 1900, skulle vi få med oss det meste.

I 1875 tellinga for

Rustbrækken finn vi:

- Iver Isaksen Brækken (1809-97), Husfader, dreier og smed

- Isak Iversen, barn, dreier og treskjærer

- Ole Iversen, barn f. 1836, treskjærer og dreier (d. 1917)

I 1900-tellinga

for Moen, finn vi desse handtverkarane:

Ole Iversen Brækken f. 1836, Husfader, treskjærer og dreier (d. 1917)

- Gudbrand Olsen, f. 1876, barn, dreier

- Anders Olsen, f. 1881, barn, dreier (til Amerika)

- Ole Olsen, f. 1884, barn, dreier/treskjærer



Snellestol. Merk kongledékoren på snellestavane.

Ole Iversen Brækken dreiv fyrst bruket Rustbrækken under Hågenstad saman med kona Marit Gregoriusdatter Myrom (frå Skjåk). Deretter vart dei brukarar av plassen Moen under Haugen i Holongsøyom, og busette seg der. Med all røkkedreiinga som der gjekk for seg, er det forståeleg at plassen på folkemunne vart heitande Rökkemoen.

Kor mange av dei tre «tredreiegutane» som etter hand tok del i røkkearbeidet, skal ikkje vera sagt. Den yngste Ola f. 1884 var vel for ung i 1900. Faren Ole Iversen senda i alle fall rokkar til verdsutstillinga i Paris i 1900, og fekk utmerking for arbeidet. Om den yngste Ola Olsen Brekken (1884-1949) må vi stoppa opp litt. Folk på min alder hugsar han. Han dreia nok også rokkar, men det var treskjeringa som låg hjarta hans nermast. Det er da og som det han vil bli hugsar. Utallige er ting etter honom her i bygden, - han var ein ypperleg treskjerar. I daglegtale vart han kalla Rökkemoin i alle år. Når vi idag brukar namnet veit alle velvoksne vagverar med kulturinteresse kven vi pratar om. Han og kona Gunhild (frå Sæta) hadde to barn: Jakob og Marit. Familien budde på Rökkemoen.

Kva kosta ein rokk på 1800-talet?

I starten fekk Iver Isaksen Brækken ein daler for å laga ein rokk, men ved århundreskiftet var prisen kome opp i 8 kr for ein vanleg rokk. Overgangen frå daler til kroneverdi kom i 1875. «Amerikarokkane» var noko betre betalt.



Stilisert grankongle med rosett som dekor på snellestavane. Det er fire slike «konglar» på rokken. Foto: I. Flatum

Den var laga slik at den kunne takast frå kvarandre. Dette gjorde pakking i amerikakuffert mogleg. Til og med hjulet kunne ein ta frå kvarandre. Ein slik amerikarokk vart betalt med 10 kr. Det fins nok idag mange slike rokkar der borte i det norske miljøet. Ferdmenn som reiste gjennom Vågå, tinga rokkar av Moenkarane, og selde dei vidare. Det gjekk ikke lang tid før Rokkemorokkane vart namnspurde langt utanom bygdagrensene.



Dei ti hjuleikane har alle ein slik rosett. Eikane har ei vakker form, og er utførte med stor presisjon. Foto: I. Flatum

Litt mekanikk


Rokkemorokkane er laga av kvistfri bjørk, men rokkehjulet «felgen» og den vassrette festeplata som «mekanikken» er festa til, er laga av furu. Det same er «trøfjola» (troa). Rokken står på tre stettar. Desse er nedst på svartmåla. Hjulet har ti eikertar, tydeleg innbora i navet etter ein mal. Hjulet har ein diameter på 68 cm, kan variere, og dei to snellene på snellestolen er 7 og 5,5 cm i diameter. Eg har rekna ut at farten på snellene ved «normal» spinning vil vera frå 3-5 m/sek. Dette høyrer når rokken går!

Generell historikk

Den typa rokk som «Rokkemoane» laga byggjer på ei teknisk overføring frå nede i Europa. Typa er Vengjerokk. Denne vart utvikla i Nord-Italia og Tyskland på slutten av 1400-talet. «Vengjene» er den «klaven» som går over snella som tråden blir reiva innpå når ein spinn. Derav namnet Vengjerokk. Denne typa kom hit til lands på slutten av 1500-talet, men vart vanleg fyrst utpå 1700-talet.

Heile systemet med den rokken vi her har omtala, har med veivakselen å gjera. Denne oppfinninga, som blir tillagt Leonardo da Vinci, revolusjonerte på mange måtar samfunnet. Vi fekk spinnerokken, og vi fekk oppgangssaga. Båe delar har slektskap reint teknisk ved at ein ved hjelp

av veivakselen kunne få opp- og nedovergåande bevegels over i rotasjon. Dette gav nye moglegheiter, og eit samfunn i endring var ein realitet. Den nye typa rokk var ei omveltning ved at ein no kunne spinne mykjy meire garn på same tid, i høve til handteinen som var brukt tidlegare. Her har utan tvil Rokkemorokkane betydd mykje for mellom anna husfliden på dette området.



Dreiebenk med «trøe-drift» av same type som Rokkemokarane brukte. Typisk er det store svinghjulet på venstre side. Med lita skive på spindelen, fekk denne eit stort omdreiningstal, som gjorde det mogleg å dreie. Bilete er kopi frå Maihaugens årbok 1957-60

Til slutt

Eg beundrar arbeidet åt desse karane på Rokkemoe. Makelaust gode handtverkarar. Rokken her er eit meisterverk i dreiearbeid og dekor. Eg vil kalle det kunstdreieing. Ta vel vare på desse rokkane!

Kjelder:

Årbok for Maihaugen 1957-60 G.A.Norman

Årbok for Gudbrandsdalen 1948 og 1950

Arkivarbeid. Takk til Gunnar Ottosen og Joar Ødegaard

Småhistorier frå gamle dagar

Av Knut Raastad

Der det har vore same slekta i lang tid er det ofte munnlege overleveringar av hendingar langt attende. Vi tek her med nokre historier frå sygard Råstad.

Før i tida skulle det brenne ljøs heile julenatta. Ein gong brann ljøset heilt ned i bordet i nördre stugu på Råstad, og den dag i dag er det ei grop i bordet etter dette. Julematen skulle stå framme heile julenatta. Ein gong opplevde ei budeie som låg på kjøkkenet at det midt på natta kom inn ein kar frå grenda, kanskje ein original. Han åt seg god og mett før han gjekk att.

Den kjende plogsmeden frå Sandsvær var på Råstad på smiing. Ein frå Steindalen i Skårvangen var med som hjelpesmann, men vart lei kommanderinga. «- Gå bor i smia etter tælgækxa mi» sa Sandsværingen. Hjelpesmannen svara med same dialekta: «- Nå kan du gå bor i smia etter tælgækxa di sjæl, Ola(?) Steindalen blir lei av å fly fille sånn».

Låssmeden Erland Lien var på Råstad og skulle smi lås og nøkkel. Han laga ein stor nøkkel, den er om lag 30 cm. lang. Han mista nøkkelen så den datt ned på tærne hans. Da vart han så irritert at han ikkje gjorde ferdig nøkkelen, og noko lås vart det ikkje. Navet er påsett på nøkkelen i nyare tid.

På 1700-talet var det ein kar som for rundt og sydde bunader, kanskje kunne han vera dansk for han brukte påskeliljer og valmuer og det hadde dei ikkje her. Dei to døtrene på nigard Lunde fekk kvar sin bunad. Eine dottera kom til Graffer i Lom, det må vera Mari Olsdotter (1764-1856), ho var mor til Rønnaug som vart gift med lensmann og stortingsmann Ole Staff. Mari lånte bunaden som systera eigde og sleit på den i staden for sin eigen. Dermed spara ho bunaden på Graffer for slitasje og den var like fin og vart teke vare på. Mari var tanta til Guri Lunde som kom til Råstad, det er vel dette som har gjort at denne historia har levd på Råstad.

På øvre Råstadplassen i Skårvangen hadde dei nokre gamle sølvknappar som skulle vera etter Skårvangssola. Skårvangssola skulle vera frå Kwart-Einstulen som låg øvst på Råstadplassen. Hans og Kari hadde sølvknappane gøymde bak ei glaskledning. Den einaste dei synte knappane fram til var ein kjend samlar, og etter dette vart dei borte. Dette var på 1920- eller 30-talet.

I «Vågå – sagt og skrivi gjennom ti'in» 2015 står det om Gustav Raastad som høgdehoppar. Det står at han vart utteke til OL i Athen i 1896, men ikkje kom seg dit pga. sjukdom; og at han tidlegare hadde hoppa høgare enn vinnaren i Athen. Men Gustav Raastad døyddde i 1885, så det må ha vore eit anna mesterskap han skulle ha vore med i. Gustav sygard Raastad fødd 1860 studerte til veterinær i Skara i Gøtaland i Sverige. Gustav var ferdig med utdanninga, men under eksamen stod det berre att å behandle ein hest - kanskje var det ein hingst som skulle skjerast (gjeldast). Det var ein annan student frå Gudbrandsdalen der, ein frå Sandbu (det er Sandbu fleire stadar i dalen). Han fekk ein hest som var svært lei, men Gustav som var spesielt sprek og god i kroppen bytte med han. Men Gustav vart sparka og vart hardt skada av denne hesten. Han vart køyrd heim att til Norge, og i ein bibel på Råstad er det innskrevi at han døyddde heime og det er dette som har vorte sagt der. Somme har sagt at han døyddde ved Enge på Lalm.



Kjelder: Hans, Mari, Randi, Åse, Helga og Marit Raastad

Embetsmenn i Vågå 1680-1720

Av Ivar Teigum

På det verdslege området var Vågå sentrum i eit større distrikt frå mellomalderen. Fleire generasjonar av sysselmenn i Gudbrandsdalen budde på garden Sandbu. På Liufærvangen ved Vågåvatnet gjekk det årlege midtfastinget føre seg i seinmellomalderen. Vågåvatnet batt saman Lom prestegjeld og hovudsoknet i Vågå prestegjeld. På nordsida av Ottadalføret gjekk vegar om Rustdalen til Sel anneks, over Jettfjellet til Dovre, og om Slådalen til Lesja og Romsdalen. Sorenskrivaren og den militære kompanisjefen som budde i Vågå, hadde plassert seg sentralt i embetsdistriktet. Forvaltningsområdet deira sist på 1600-talet i tillegg til Ottadalen omfatta Lesja prestegjeld med anneksa Dovre og Øvre Follidal, og prestegjeldet Fron. På sørsida av Ottadalføret med Sjudalen grensa embetsområdet mot Valdres.

Vi skal møte nokre representantar for embetsfolket i Nord-Gudbrandsdalen under eit drikkegilde på avlsgarden Søre Sunde under Vågå prestegard. Kring det same bordet sat embetsmenn og allmugemenn saman, standsmarkørar var prestedrakt og uniformseffektar. Sjiktmeisteren for Frederiksgave koparverk i Sel anneks til Vågå var ikkje til stades, heller ikkje sorenskrivaren. Med utgangspunkt i verksemd og familiesamanheng gjev vi dernest ein presentasjon av dei einskilde kondisjonerte deltakarane, to prestar og ein offiser. Felles for dei fleste embetsmennene var innvandringsbakgrunnen til familiane deira i ei tid da statsstyret i København etter kvart hadde festa grepet over grannelandet i nord.

Eit drikkegilde på Søre Sunde i Vågå i 1682

Ein tidleg haustdag i året 1682 sat nokre av dei fremste embetsmennene i Nord-Gudbrandsdalen samla under ein samankomst på garden Søre Sunde, avlsgard under prestebolet i Vågå prestegjeld. To av dei fire prestane var til stades, og like eins majoren i den regionale hæravdelinga i Nord-Gudbrandsdalen. Alle tre kom med følgje. Lomspresten Bent Friis møtte saman med den lokale leiglendingen Jon Valle som hadde med seg

ein soldat. Vågåpresten, som frå året før heitte Henning Munch, hadde med seg den 17 år gamle tenesteguten Magnus Eliassen, som også fekk sitja saman med dei hine. Majoren Ole Brun stilte i selskapet saman med tamburen sin, og elles var det fleire til stades kring bordet som sidan kunne vitne om det som hende. Majoren, som kom etter først å ha vorte nøda, synte snart teikn til irritasjon. Da han til slutt ville forlata selskapet, kom det til fleire valdelege opptrinn ute i garden mellom han og dei to prestane slik at folk måtte gå imellom. Da resultatet av usemja kom opp på bygdetinget i Vågå seinare på året, var det etter krav frå dei to prestane. Kva hadde hendt?

I boka *Voldssamfunnets undergang: Om disiplineringen av Norge på 1600-tallet* har Erling Sandmo eit kapittel han kallar "Æren og sannhetens historie". Der argumenterer han for at spørsmål om sanning og ære slik desse førestillingane kjem til uttrykk i tingbøkene, var knytte til personleg status og rykte like mykje som til konkrete handlingar i ei tid der bruken av skriftspråk i stor grad hørde framtida til. Han hevdar at ære og æreløyse var noko alle i lokalsamfunnet var opptekne av, ikkje berre den sosiale eliten, men også menneska som utgjorde allmugen på ulike nivå. I undersøkinga si av fleire tingbøker frå tidleg i hundreåret nyttar han omgrepet artikuljonsfelt for ulike former for ærekrenking, og drøftar fire typar der dette omgrepet kan vera tenleg å nytte: Omgang med dyr, markering kring avgrensa sosiale fellesskap, tjuvskap og seksualitet. På Søre Sunde sat ulike sosiale sjikt kring same bord. Alle hadde si ære å ta vare på. Ho kunne lett bli krenkt om einkvan braut ut av det sosialt tilmålte handlingsromet sitt.

Vi ser først på kledrakt som sosial markør. For rangspersonar galdt embetsdrakt. Under oppbygginga av militærstellet frå 1660-talet med utskrivning av bygdegutar til soldatar og organisering av legder, kom pålegg på gardane om å dekkje kostnader til utstyr. Forordningar frå 1666 og 1671 slo fast at to fullgardar skulle utgjera ei legd med ein soldat. Legda skulle vera ansvarleg for å utstyre den utskrivne soldaten. Militærteneista kvilte på bondestanden, men hadde til dømes presten eit ansvar for soldatutrustinga i legder der gardar låg under mensalgodset? Majoren Ole Brun og lomspresten Bent Friis var motpartar i ei slik sak. Og med presten sin leiglending til stades på Søre Sunde kom konflikten mellom dei raskt til overflata.

Ei av dei som vitna på tinget etter møtet på Sunde, minstest at det hadde vore mykje tale om klede og sko til soldatane, ”hafer di da told om Soldater Klæder och schoe med des vitloftij indhold”. Legdesoldaten som sat ved bordet saman med lomspresten sin leiglending Jon Valle, kan knapt ha vore i rett mundur, for snart fann han grunn til å be husverten sin om å få låne trøya hans: ”Nu motte Jon Wolde klede af sig sin trøye och fli sin Soldat”, og lomspresten på si side ba majoren om orsaking for leiglendingen sin og soldaten. På embetets vegner hadde lomspresten tidlegare nekta å koste utstyr som skulle til for legdesoldatane under prestebolet. I den samanhengen hadde han uttrykt at einast ei ordre frå statthaldaren eller futen skulle få han til å bøye seg. Eit ord frå major Brun akta han i alle fall ikkje på.

Etter bordseta ville Bent Friis gå og leggje seg, ”och drog sin Samarie af”. Med det var han utan vernet og autoriteten som følgde embetsdrakta hans da dei sidan kom ut på tunet og majoren gjekk til handgripeleg åtak. Eit påfølgjande basketak i neste omgang mellom majoren og vågåpresten herr Henning enda med at båe ramla i koll. Denne gongen kjende offiseren trong til å rette opp att den sosiale balansen, og viste til embetssymbola deira, prestens krage og majorens kårde. Han seier: ”Tencher J paa eders Krafue, och ieg paa min Kaare”.

Etter det med kledrakt nemner Erling Sandmo for det andre seksualitet og omgang med dyr som uttrykk for ærekrenking i tingboksakene. Under bataljen på vegen frå Søre Sunde blir dyr nytta som nedsetjande bannord to gonger, men med noko ulikt innhald og adresse. Der majoren står og peikar kårda mot brystet på lomspresten som nå ligg på bakken, skrik han ut: ”Nu schalt du døe din hund”. Til all lykke grip andre inn og får hindra ei misgjerning. Ein annan og sterkare bruk av sjølve dyre-metaforen blir nytta av vågåpresten der han fleire gonger ropar etter majoren: ”Hund och Hunsfot”. I *Ordbog over det danske sprog - dansk i perioden 1700-1850* blir bannordet hundsfot eller hundsvot omsett med hundefitte, det kvinnelege kjønnsorganet. Fleire vitne hadde likevel lagt merke til at herr Henning tok seg i vare med adressaten. Presten ”nafn gaf ingen” der han stod og ropte. Med det unngjekk han ei mogleg motstevning frå majoren.

Den norske elfenbeinkunstnaren Magnus Berg som gjorde lykke ved hoffet til Christian 5, evna å bryte alle sosiale stengsel med handverket

sitt. I biografien om han stadfestar kunsthistorikaren Åshild Paulsen at det truleg var han som tente i Vågå prestegard i 1682. Under bordseta på Søre Sunde fann lomspresten på å skåle med denne tenesteguten til Henning Munch på tvers av standsgrensa mellom dei. Orsakinga frå Bent Friis ved dette høvet etter ein ublid reaksjon frå majoren var at han tykte Magnus var "en Erlig Karll", ein person med ære. Fordi om farfaren visstnok var prest, hørde Magnus like fullt heime i allmugen, og ein slik gunst mot ein tenestegut provoserte majoren enda ein gong.

Eit forhold til frå Søre Sunde gjeld ein skade som vågåpresten fekk på den eine handa av kårda til Ole Brun. "Havde Major: self sin Kaare, och H: Henning var schaaren i haanden". Dette kunne i seg sjølv bli eit viktig moment når prestane sidan reiste sak mot majoren. Erling Sandmo drøftar det som han kallar statens skriftmonopol på 1600-talet i saker som galdt brotsverk, og ser brennemerking på hender og i andlet som døme på dette. Bok 6, kapittel 7 i *Christian 5.s norske lov* handlar om avhogging og sår. I punkt seks heiter det: "For alle de Saar, som mand ej kand skylle med Klæder, eller Haar, som er Saar i Ansigt og paa Hænder, bødis halv mere, end for andet Saar". Andlet og hender skulle vera blanke ark for tilfelle der styresmaktene trong skrive ei straff med svijernet. Her som i andre æressaker galdt ingen prinsipiell skilnad mellom allmuge og prest. Og framfor fut og lagrette på bygdetinget kom major Ole Brun til å måtta bøte ein halv gong meir for skaden på handa til herr Henning. Derfor nøgde presten seg med å vise fram handa, og ville heller ikkje møte majoren seinare på kvelden.

Da herr Henning sidan var komen heim til prestegarden, kom majorens tambur og kravde to gonger etter kvarandre at han skulle koma over til dei på den andre sida av elva. Men det kunne han ikkje, meinte Magnus Eliassen da han vitna i retten. – For herr Henning var ein prestemann, og dessutan var han skoren i handa. På spørsmål i retten om prestane hadde vore drukne medan dei oppheldt seg på Søre Sunde, var vitna forsiktige. Alle som ein svara at dei alt hadde sagt det dei visste.

I drikkegildet på Søre Sunde møttest embetsstand og allmuge ved same bordet. Konflikten som på førehand rådde mellom majoren og lomspresten, galdt utrustinga av legdesoldaten under lomspresten sin leigending på garden Valle i Vågå. Majoren sin irritasjon over Bent Friis fekk næring av at soldaten frå Valle var ukorrekt kledd, og av at loms-

presten skåla med ein tenestegut. Under slåsskampen ute var det allmugemenn som hindra ei ulykke, og under den påfølgjande rettssaka var det dei som stod fram som vitne til støtte for prestane. Under den rådande sosiale orden der grensene mellom høg og låg, ære og æreløyse, straffa og ustraffa, alltid var livsviktige, var det likevel mogleg i ein lokal samanheng å drikke kring same bord. Spekteret av ærekrenkingar og ukvemsord som vi her såg døme på mellom embetsmenn, kunne like gjerne føre med seg stevning og motstevning med allmugemenn som den eine eller bae partar når høvet var der.

Personar av rang i den andre delen av 1600-talet: Prestane

Prestegarden sin avlsgard Søre Sunde låg ved austenden av Vågåvatnet på sørsida, næraste grannen var Nordre Sunde der sorenskrivaren og familien hans budde. For å koma seg heim frå gildet med ein slik valdeleg utgang i 1682 måtte majoren og herr Henning passere over den lange Sundbrua ved osen av Vågåvatnet. Ho låg over ikkje mindre enn 22 kar der gardane i hovudsoknet oppdelte i grupper hadde ansvaret for vedlikehaldet av kvar sine bolkar. Frå Sundbrua gjekk vegen tvers over Vågåmoane, ei vid øyre som for ein stor del høyrde til Vågå prestegard. Nær gardstunet i prestegarden og tverrelva Finna bortanfor stod kyrkja, nyreist i åra før 1630. For å koma til bustaden sin på garden Øy måtte majoren Ole Brun passere vidare over Finnbrua, og det var dit vågåpresten Henning Munch ikkje ville koma etter han den same kvelden. På nordsida av dalen låg gardane i rekkje og rad med Sandbu, Sve, Øy, Blessom, Håkåstad, Råstad, Lunde og Svare, velstående grender på tufter frå forhistorisk tid.

Vågåpresten sat i god velstand. I 1661 sat han på 14 prosent av ei skyld som til saman for prestegjeldet utgjorde 432 huder. Etter det som soknepresten Anders Munch opplyser i kallsboka i 1731 utgjorde mensalgodset da til saman 48 huder 6 skinn. Det gav ei årleg inntekt på 60 riksdalar. Prestens del av tienda gav i gjennomsnitt 166 riksdalar. Saman med det som kom i offerskjeppa, og for tenestene i samband med dåp, giftarmål og jordfestingar stipulerte Anders Munch ei årleg inntekt på om lag 300 riksdalar. Det var lik verdien av 100 kyr eller eit godt gardkjøp.

Henning Munch var sokneprest i Vågå frå 1681, året før gildet på Søre Sunde. Men i kallet hadde han vore sidan 1673 da han vart kapellan hos forgjengaren Eggert Stockfleth. Med sokneprestembetet i Vågå følgde

ekteskapet med Anne Glostrup, jamnaldrande og enkje etter for-gjengaren. Sjølv var Herr Henning av bondeslekt i Gudbrandsdalen. Ivar Kleiven ymtar om ein mogleg standsskilnad på det grunnlaget mellom han og kona, som kom frå sentrale embetsfamiliar i riket. Men kjeldene nytta i denne artikkelen, støttar ikkje ein slik påstand. Det måtte einast vera ein referanse til slektslina frå gamal norsk adel som han kom fram med under gravferda til den mektige enkja på Bjølstad i Heidal det året han sjølv døydde. Men det skulle i så fall ikkje gjera han sjølv til mindre mann. Presten i Lom, magister Bent Friis, som vi møtte på Søre Sunde, var eit av mange eksempel på at son følgde far i embetsvegen, og det i det same kallet.

Offiserar i Det nord-gudbrandsdalske kompani av Det oplandske infanteriregiment

Ole Brun var kaptein for Det nord-gudbrandsdalske kompani av Det oplandske nasjonale infanteriregiment frå 1662. I Vågå, Lom og Lesja vart han ein stor jordeigar etter kvart som krona selde unna gods på 1660- og 70-talet. Under eit tingmøte i Vågå i 1671 vart det lese opp eit skriv der Ole Brun hadde fått tilslag på gardpartar til saman verd meir enn 20 huder. På 1680-talet vart karrierevegen vidare staka ut. I 1682, det same året som han flytte frå Nord-Gudbrandsdalen, vart han utnemnd til major. I 1688 kjøpte Ole Brun garden Lysgard i Fåberg, i 1696 finn vi han som sjef for Det sør-gudbrandsdalske kompani. Frå 1700 var han oberst og kommandant i Trondheim.

Utskrivinga av soldatar til ein legdehær førde med seg at 1300 gardar under krongodset i Norge vart utpeikte til offisersgardar. I Vågå finn vi offiserar på bruk under dei sentrale gardane Nordgard Sandbu, Øy og Sørem tidleg på 1660-talet. Sat det ein bygselmann på den utlagde garden, skulle offiseren ha tjue riksdalar til årleg underhald heilt til bonden kunne flytte ut. Ved tilflytting skulle offiseren vera friteken for skattar, utskrivning og skyssplikt med ein tilsvarende verdi. Medan slike embetsfamiliar som Munch og Stockfleth hadde ein varig fotfeste i Gudbrandsdalen, var fleire av dei høgare offiserane meir mobile. Dei kom frå Danmark og Tyskland, og det militære kommandospråket var tysk. Den tyskfødde kapteinen Casper von Brünech var sjef for Det nord-gudbrandsdalske kompani med bustad på Nordgard Sandbu i Vågå i perioden 1684-1699. Frå 1701 tente han som kaptein i Ålborg.

Det gudbrandsdalske bergverket i Sel var starta opp i 1642 på staden som vart heitande Selsverket, og i første omgang som ein overbygning over det som kunne bli oppdaga av malmførekomstar elles i Gudbrandsdalen. Særleg knytte det seg interesse til malmfunn i Espedalen og på Lesja. På Lesja vart eit jernverk opna omkring 1660. Med Ulrik Frederik Gyldenløve som eigar og statthaldar frå 1664 vart namnet på koparverket i Sel endra til Frederiksgave.

Innvandring og embete

Utover på 1600-talet var talet på norskfødde prestar aukande innan den norske delen av heilstaten, og nådde 80 % innan hundreåret var ute. Det tilsvarende talet på danskfødde prestar var da nede på 12 %. Men medan Rostock og Wittenberg var dei mest søkte presteskulane på 1500-talet, hadde fleire og fleire utdanninga si frå den dansk-norske rikshovudstaden, og enkelte tente i kall i båe landa under karrieren sin. I Vågå prestegjeld hadde einast Henning Munch norsk slektsbakgrunn. Dei andre prestane på 1600-talet kom frå danske innvandrarfamiliar som hadde oppnådd høge posisjonar i embetsverket i Norge. Anten gjennom slekt eller giftarmål høyrde dei alle, også Henning Munch, til i det same embetsnettverket med mange representantar i Gudbrandsdalen fram til eit stykke ut på 1700-talet.

Prestane nytta det danske språket, språket blant yrkesmilitære og tenestemennene ved bergverka var tysk. Dei to siste kategoriene var mindre stasjonære. Eit unntak kan vera løytnanten Just Mogensen Berg som kjøpte seg gard på Sel, og som i 1664 organiserte store leveransar av setjeved til Selsverket. Sjiktmeisteren ved Selsverket slo seg ned i bygda da drifta tok slutt. Kanskje hadde han ikkje noko å reise til, eller han sette sin lit til ei ny drift ved koparverket.

Sorenskrivaren Henrik Jacobsen Schmidt

Mellom sorenskrivarane i Norge var det fleire norskfødde enn danskfødde i 1650 så langt som ein kjenner fødestaden deira. 94 % av konene deira var norskfødde, halvparten prestedøtrer. I Gudbrandsdalen har Statsarkivet i Hamar registrert den første tingskrivaren i 1579. Det meste av tida var fogderiet delt i to med ein sorenskrivar for den søre delen frå Ringebu, og ein for den øvre delen av distriktet frå Fron. Omkring 1700 og så langt utan krav om ei akademisk utdanning var sorenskrivarane del av ein sjølvrekrutterande embetsstand. Jacob Knudsen i embetet for

tinglaga Vågå, Lom, Lesja og Fron 1662-88, og sonen Henrik Jacobsen Schmidt i den same stillinga i åra 1688-1719, er eit døme på slik sjølvrekruttering på same måten som fleire prestestillingar i desse fjellbygdene. Både far og son heldt hus på Nordre Sunde, garden ved austenden av Vågåvatnet som Jacob Knudsen hadde kjøpt i 1668.

Far til Henrik Schmidt, Jacob Knudsen, var gift med Kristina Trolle, medlem av ein dansk adelsfamilie. Ein annan av sønene deira var Knud Schmidt. Han studerte teologi i Tyskland og fekk prestekall i Danmark. Ein tredje son var Jacob Jacobsen. Han tente som kontorist hos broren Henrik Schmidt i Nord-Gudbrandsdalen og som styrar for buet etter at sorenskrivaren var død. Som eldre mann vart Jacob Jacobsen omsider gift med prestedottera Anna Sophia Munch i Vågå. Ein fjerde son til Jacob Knudsen heitte Niels, og to døtrer Anne og Karen. Dette var ein familie med band til sentrale styresmakter i Norge, og til eit nettverk som strekte seg til den danske delen av heilstaten.

Eit bilde av den profilerte embetsmannen Henrik Jacobsen Schmidt, sorenskrivar, assessor og viselagmann på Opplanda, møter vi først gjennom den folkelege tradisjonen. Dernest går vi inn på embetsutøvinga hans slik ho kjem fram i dei samtidige kjeldene. Som sorenskrivar i Nord-Gudbrandsdalen i andre generasjon og som busett i Vågå ein stor del av livet, kunne han oppnå ein stor kjennskap til allmugen sjølv om han både økonomisk og sosialt høyrde heime i ein annan divisjon.

Sundeskrivaren i folketradisjonen

Boka *I gamle Daagaa* av Ivar Kleiven kom ut i 1908. Av emme som blir omtala, møter lesaren einast tre personar av embetsstand. I bolken "Naagaa taa kaart" finn vi ei heller bister omtale av Anna Hedvig Hausmann, "prestefruga som va saa stor paa di", og som budde i Vågå 1697-99. Omtalen av "Sond-skrivar'n" Henrik Schmidt i den same bolken er derimot meir nyansert. I den folkelege tradisjonen ser den første av desse to representantane for embetsstanden ut til å ha vore like illgjeten som den andre var populær. Stykket om Henrik Schmidt var med alt i den første segnsamlinga som Ivar Kleiven fekk trykt i 1894.

Mellom bygdefolket vart sorenskrivaren heitande Henrik "Sonde", skriv Ivar Kleiven. Han visste å forsyne seg av pengar og gods, men embetet sitt røkta han vel og domane hans stod seg som oftast for ein høgare rett.



Sundstugu. Foto: Bjørn Valde Aasheim

Han la vekt på å stå seg med bygdefolket, men vagværane leit ikkje fullt ut på han, aller minst når han var på det mest beinksame. Han var ein staseleg mann som også kunne føre seg blant "dei store". "Difor klædde han seg både fint og dyrt og fylgde Mota paa alle Vis". Ivar Kleiven svingar seg til litterære høgder i ei skildring der han let Henrik Schmidt koma stigande inn i Vågåkyrkja på ein høgtidsdag i all sin stas. Da kom han med gul elgskinnbrok med 16 sylvknappar, grå vest med 34 filigransknappar, sylvlista grå kjol med 23 store tvinna sylvknappar, spansk parykk og diamantring med ni steinar på fingeren. Da meinte folk at noko slikt hadde dei ikkje sett sidan Gyldenløve "fór". Og likevel var han ein av dei, Henrik Sunde, nemnd etter garden faren hadde kjøpt i si tid.

Ivar Kleiven går vidare og nyanserer bildet av Henrik Schmidt, på den eine sida med ei understreking av empati, på den andre sida med uttrykk for beundring over eventyrleg rikdom. Etter tradisjonen døydde kona til skrivaren, Maria, fødd Glad, saman med spedbarna under ein tvillingfødsel, og Kleiven lever seg inn i kjensla av sorg. Men snart tek forteljinga ei meir humoristisk vending i ei konkretisering av ordtaket som seier at etter ein samlar, kjem ein øydar. Det heittest at ein stuebygning som Henrik Schmidt fekk reist på Sunde, skulle vera den første bygningen med tre etasjar i Vågå. Da skrivaren var borte og rikdomen omgjord i mynt, fylte pengane eit heilt rom. Da den mindreårige sonen Hans Jacob straks etter vart myndig og opna døra til dette romet, skulle han ha ropt ut til pengane i kista: "Glæder og fryder eder, her kommer eders Forløser". Dernest følgjer eksempel på agelaus øyding. Replikken sitert på det danske herrespråket tente som ein ekstra markør i den lokale humoren lenge etter at dansketida var til ende.

Ivar Kleiven var folkeminnesamlar og forteljar. Berre i einskilde tilfelle let han lesaren få del i eit skriftleg kjeldegrunnlag. I skildringa av den legendariske sorenskrivaren frå omkring 1700 går det likevel tydeleg fram at han har nytta både tingboka og skifteprotokollen, og at han har hatt kjennskap til slektskapsbanda mellom embetsmannsfamiliane Glad, Grüner og Hausmann, som alle var representerte i Nord-Gudbrandsdalen på ulike vis. Særleg har Kleiven arbeidd med skiftet etter Henrik Schmidt. Det ser ein ikkje minst i måten han har kledd opp sorenskrivaren der han stig inn i kyrkja for å lyde messe. Men der skriftlege kjelder viste ein annan veg, kunne han like gjerne la den munnlege tradisjonen råde. Det gjeld til dømes den tre etasjar høge bygningen på Sunde. Under Storofsen i 1789 var denne garden ein av dei som var hardast råka av jordskred, og dette blir detaljert skildra av Ivar Kleiven. Men det han ikkje nemner, er at i taksten den same hausten blir einast to stuebygningar nemnde på Sunde, ein stor og ny stuebygning, og ein gamal med to laft.

I venstremannen Ivar Kleiven si tid var ei markert sosial lagdeling framleis verksam i Vågå. Framleis vekte ein rik embetsmann i fortida med nære band til lokalmiljøet eventyrfantasiar heller enn indignasjon. I skifteprotokollen kunne ein finne eigedomar, buskap, innbu, lausøre og andre verdiar etter Henrik Schmidt som strekte seg over 12 foliosider. Sorenskrivaren heldt i 1719 til saman 48 hestar. Ei svart dansk merr

hadde han fått i gåve av visestatthaldaren, og berre ho vart verdsett til 16 riksdalar, langt over gjennomsnittet. Einast eit par hingstar låg høgare i verdi. Sorenskrivaren dreiv med avl truleg som den einaste i prestegjeldet til da. Av storfe var Henrik Schmidt god for over 70 dyr heime. Elles hadde han ei tilsvarende mengde uksar til foring fordelte på 28 brukarar i Lesja prestegjeld, særleg i Folldalen. Uksane hans gjekk til utleige, som det heitte, i fem år før dei vart omsette som slaktefe. Desse brukarane og andre av nybyggjarane i fjellbygda aust for Dovre stod i gjeld til den mektige sorenskrivaren i Vågå. Med omsyn til jordegods i Vågå sokn hadde Henrik Schmidt både bygsla og landskyldinntekter av gardpartar som utgjorde 18 huder jord.

Henrik Schmidt kunne godt gjera seg ei inntekt som bankier. På Toten var han god for gardpartar verd til saman 3400 riksdalar, delvis oppnådd som arv. Men det var berre ein del. I Toten prestegjeld hadde han også hand om kongen sin tredel av tienda. I skiftet er denne posten åleine sett til 8100 riksdalar. Skiftet viser at Henrik Schmidt var god for ei brutto formue på meir enn 26 000 riksdalar.

I boka *Frå sosialhistorie til nyare kulturhistorie* drøftar Ingar Kaldal bruken av det han kallar verdilada forteljargrep. Han vurderer anekdotar og vandrehistorier som mytologiserte forteljingar. Det mytiske innhaldet kan mellom anna ha ein moralsk funksjon ved å peike ut ein aktør eller ei hending som førebilde, eller det motsette. Eit slikt ærend ser det ut til at Ivar Kleiven går i skildringa si av prestefrua i det neste stykket. Skildringa av den rike Henrik Schmidt der han stig inn i Vågåkyrkja står i skarp kontrast til Anna Hedvig Hausmann. Ettersom saga gjekk, skreik ho over seg i avsky da konene kom med barselgraut, og like eins skulle ho ha spurt mannen sin om det ikkje fanst eit anna rom i Himmelen for dei sjølve og deira likar enn for bondefolket.

Sorenskrivaren sin entre i kyrkja i framstillinga til Ivar Kleiven er eit anna eksempel på litterær dramaturgi. Oppe på langveggen i Vågåkyrkja midt imot preikestolen og med eigen inngang frå utsida hadde prestedotter og to gonger prestenkje Anne Glostrup fått bygt seg sin eigen kyrkjestol. Men det meste av tida var det likevel sorenskrivaren som nytta denne stolen etter at han hadde kjøpt garden prestenkje budde på. Med det skaffa sorenskrivaren seg ein eksklusiv inngang i kyrkja, og den som ville få han i tale, fekk prøve ute på kyrkjebakken.

I Vågå hadde Henrik Schmidt ein ugift bror og ein son. Som embetsmann og forretningsmann låg han ein stor del av tida ute på reise. Mange var avhengige av hans gode vilje både som kreditor i tronge tider, og som talsmann i forhold til statlege og rettslege ordningar og påbod.

I 1701 vart Henrik Schmidt pålagd av kongen å betale ei bot ”for sin med en Qvindis Person ved Nafn Anne Mortensdatter begangne Leyermaals forseelse”. Han slapp eit forsmedeleg offentleg skrifte, ”dog skal hand derimod tiltenkt Være, noget efter sine midler og leilighed samt Biskopens billig sigelse, til neste Hospital først at udgive, saa fremt hand denne Voris allernaadigste bevilling agter at nyde”. Mor og barn vart gjevne ei framtid på Toten. Tradisjonen som Ivar Kleiven formidlar om sonen frå ekteskapet med Maria Glad, var heller ikkje utan rot i røyndomen. At det var problem med guten etter at faren var død, kjem i samtida fram av ei fråsegn frå Hans Berntsen Essen som var gift med syster til Henrik Schmidt. Han ber om at assessor Grønbech må ta ansvaret for utdanninga til systersonen. Hans Jacob Henriksen Schmidt var da 17 år gamal, gjekk i skule hos ein nær jamnaldrande presteson i Fron, og har ”icke lært saa megit at hand kand skrive toe Lineder ret, end sige andet”.

Sorenskrivaren, assessoren og viselagmannen fekk eit ettermæle ulikt dei fleste andre embetsmenn i Gudbrandsdalen i dansketida. Det empiriske grunnlaget for dette omdømet søkjer vi etter med hjelp av omgrepsparet patron og klient, og innverknaden ei slik posisjonering kunne få for embetsutøvinga hans.

Embetsmann og patron

Omgrepsparet patron og klient er kjent frå den romerske antikken og blir framleis nytta for å skildre ein viss type relasjonar i eit hierarkisk oppbygt samfunn mellom ein part som har makt til å gje vern mot at den andre parten underkastar seg. I det førindustrielle samfunnet kunne patron-klientforholdet dreie seg om relasjonen mellom godseigaren og leiglingane hans. Relasjonen var personleg og bygde på gjensidig tillit. Forholdet mellom sorenskrivaren Henrik Schmidt og dei av oppsitjarane hans som ikkje berre hadde eit pengelån, men som også tok på seg å ala opp uksane hans, kan tolkast innanfor ei slik ramme. Klientane fekk økonomisk hjelp og kalvar av kyrne sine, den rike patronen skaffa seg beite og slaktefe.

Eit brev stila til stiftamtmanden i Akershus gjev eit enkelt døme på korleis ein patron-klientrelasjon kunne etablerast. Truleg hadde stiftamtmanden late ord falle om at han ønskte seg ein jeger som kunne halde han med fjellryper. I 1718 skriv Henrik Schmidt at han veit om "en dreng der kand vel med at Skyde Rypper, Saa naar det er di vintterer som den er noget til, vil ieg Lefve i det haab, at hand kunde forschaffe min Høygunstige Herre en half Snees tylter med rypper om vintteren til kiøchens fornødenhed". 120 ryper kunne det bli råd med til stiftamtmandens kjøkken i Christiania. Dette var ikkje berre ei teneste som var ei anna teneste verd oppover i systemet. Det kunne også by på ein føremon å tenkje på same måten nedover i samfunnspyramiden.

I brevet held sorenskrivaren fram: "Saa dersom høybaarne Herre det saaledes behagede, at ieg paa deris vegne skulle antage samme Person ved nafn Siver Pedersen Slaaen, Om da gunstigst maatte Skiches mig med første et Pads til ham fra Høybaarne Hr: Conferendsraad, at hand er Deris Skiøtte, Saa hand kunde passere fri for indskrifning og J Andremaader". Det gjekk ikkje meir enn seks veker før Syver Slåen hadde passet i handa som gav han eit fritt fjelliv, fri for utskrivning i det militære "og J Andremaader". Men utan det personlege bandet til sorenskrivaren ville fridomen fort kverve.

Kva så med sjølve embetet som sorenskrivar og handhevinga av det? Tingboka let oss få eit visst innblikk. Eit kongeleg påbod frå 1699 gjekk ut på at Gudbrandsdalen skulle leggjast under eitt sorenskrivarembete så snart det eine vart ledig. Dette var sakte eit svar på søknad frå Henrik Schmidt om at distriktet var for lite til to embete, og at han sjølv gjerne tok over båe når Sør-Gudbrandsdalen vart ledig. Ein vikarsøknad til amtmannen frå sorenskrivaren i Nord-Gudbrandsdalen tidlegare det same året viser at dei to skrivarane kunne avløyse kvarandre etter behov. Frå 1710 er det ført ei tingbok for heile distriktet. Men Sunde-skrivaren hadde vorte eldre eller tidene verre. I 1714 leverte Henrik Schmidt ein søknad hos statthaldaren der han ba seg fritaken for å møte i overhoffretten for betre å kunna ta seg av sitt verkelege embete, som han skriv: "Det forefalder adskillige Kongens Sager med Arrestanter, Boets lodder og i andre tilfelder, saavel som almuens og andre folckes Sager som kand Være fra andre fremmede Steder, som ej Taaler ophold."

Kor stor innsats i form av embetsreiser baud så Gudbrandsdalen på under eit år der den eine skrivaren hadde heile ansvaret? I 1714 reknar vi til saman 42 møtedagar fordelte på tingmøte og synfaringar kringom i distriktet. Med to til tre reisedagar mellom Vågå og Gausdal kjem vi fort nær 100 møte- og reisedagar under eit år og i åra som følgde med ein sorenskrivar. I tillegg for Henrik Schmidt kom saksførebuing og etterarbeid, dei årlege møta i overhoffretten i Christiania frå 1708 og åstadssaker i Akershus lagdøme med lange reiser til Valdres, Toten og Hadeland. Skifteforretningane til kvar tid er heller ikkje medrekna. Dei var også sorenskrivaren sitt ansvar.

Den 17. oktober 1718 var Henrik Schmidt på veg attende frå behandling av åstadssaker på Ringerike og Hadeland. Etter ordre formidla av stiftamtmanden i Akershus starta denne dagen eit arbeid i Fåberg sokn med å "begrandsche og besigtige" alle gardar og bruk i distriktet. Dei kom ikkje langt på den første garden før det sette inn med snøver. Henrik Schmidt rapporterer: "Da vi haver opmaalet Agerne paa den gaard Røne for at Søge underretning hva der kunde Saaes, og skulle udkaste deris Høe til at opveye, Saavel som deris korn til afterskning, Saasom iche paa nogen anden maade kunde utfindes nogen Rigtig begransking, hvormeged deris høe og korn aufling var, indfalt det et meget slemmt og forskreckelig Veyrlig med Snee og Slud, som fremdeles vedholder paa disse Steder till Fields og intet andet er at forvente herefter paa denne aarsens tiid". Og oppsitjarane kunne fortvile. Ikkje berre var registreringa eit ufyseleg arbeid for embetsmannen i slikt ver, det var også til skade for dei stakkars bøndene som på denne måten fekk øydelagt avling. "Beyammerede di fattige folck sig med klage, at Dersom deris Aufling skulle udkastes i Saadan veyrlig, blef det siden gansche opraa den, dem til Total Ruin".

Sett frå eit kontor i København var hausten med avlinga i hus eit høveleg tidspunkt for kontroll. Attende i Vågå skreiv Henrik Schmidt eit nytt brev til styresmaktene. Pålegget hadde gått ut på at alt anna arbeid måtte leggjast til side for registreringa. Derfor måtte han spørja om både lokale saking og åstadssaker i lagdømet skulle setjast til side, og han tok opp att dei store ulempene registreringa førde til for bøndene. Dessutan var avlingsmengda på gardsbruka svært ulik frå år til år. Da måtte det vera langt betre at bøndene sjølve gav opplysningane støtta av lokalkunnskapen som sorenskrivaren sat inne med.

”Dersom hver Sogens Almue maatte blifve beordret at møde udi Fogden, min og Laugrettes Ofververelse, at angifve Richtig hvis di kand Saae og Aufle, og hvad Chreatur di kand føde, med gaardens viddere tilligende”. Det ville ikkje vera lett å koma med urette opplysningar på bygdetinget om nokon prøvde seg. ”Med tilhold hos, hvis iche di retteligen angifver, og anderleedes befind-es ved besichtelse og granschning, da derforre at Lidde og Straffes, Saasom ieg og andre som er paa desse steeder bekiendt kand vide nogen ledes en hvers gaards godhed, Leylighed og tilstand”.

Ein framgangsmåte tufta på ein grad av lokal tillit kunne vera ein farbar veg. Alternativet pålagt av dei sentrale styresmaktene ville ta mange år. Og Gudbrandsdalen var eit stort distrikt, skriv sorenskrivaren: ”Dersom hver gaard med sin tilliggende Agger og Eng, Skov og March, Enge Sletter og Setter Løcher Sampt Fische vande schal Øyen Siunlig er fares og begransches, som schal vere Ret og ansvarligt, kand det iche Skee at blifve fuldbyrdet paa mange aar”.

I Henrik Schmidt møter vi her ein embetsmann med eit konkret og realistisk syn på forholda omkring seg. Han finn grunn til å lite på utsegnene frå dei skattepliktige bøndene, og er villig til å tala deira sak. Ei krigsskatteliste i stiftamtmannens arkiv frå futen i Gudbrandsdalen i 1719 inneheld namnet på om lag 1650 oppsitjarar i dalen. Da er sju av åtte prestegjeld medrekna. Truleg var dette starten på eit arbeid som først var fullført i 1723 som utkast til ein ny landsomfattande matrikkel.

Sorenskrivaren si eiga dobbeltrolle som embetsmann, tiendforpaktar på Toten og långjevar i Nord-Gudbrandsdalen var her kanskje med på å forme synet hans. Lesja prestegjeld med alle sine frostbitne grender med tørre somrar og kalde vintrar hadde oppnådd å få ettergjeve kongens del av korntienda på grunn av jamnleg avlingssvikt. Det skulle ikkje vera mykje populært når patronen fire gonger kvart år kom frå Vågå med krav om fri skyss for å sjå til gardane og plassane sine i Follidal. 37 debitorar i hovudsoknet Lesja med anneksa Follidalen og Dovre utgjorde 17 % av alle skyldsette bruk. Dei fleste andre skyldnarane budde i Vågå og Fron. Den samla uteståande gjeldskapitalen på 7723 riksdalar fordelt på 52 låntakarar blir 148 riksdalar i gjennomsnitt på kvar. Skil vi ut 600 riksdalar frå Hans Majestet, 1290 frå majorinne Knoph på Toten og 300 frå kapellan Hals på Lesja, blir det attståande 113 riksdalar

i gjennomsnitt for 49 medlemmer av allmugen under sorenskrivarembetet i Nord-Gudbrandsdalen. Sorenskrivaren kjende vel både skatteevna og sutene til allmugen i dalen.

Med bakgrunn i sorenskrivaren Henrik Jacobsen Schmidt sine ulike roller i det innanlandske rettsapparatet skal vi i den neste bolken gå til den nedre delen av den sosiale skalaen. Vi skal mellom anna sjå på vilkår som nokre nyrydjingsfolk og bygselmenn møtte under kollisjonar med embetsinteresser i det lokale samfunnet. Ein ny prest i Vågå tenkte meir på rettane sine som embetsmann enn på utviklinga av eit nettverk av klientar.

Ein komplett versjon av artikkelen «Embetsfolk og allmuge i Vågå 1680-1720» med noteapparat og litteraturliste kan hentast ned som pdf-fil frå internett.

Knivstikking og drap og i Nordherad

Av Knut Raastad

Fyrste delen av 1600-talet var ei brutal tid i Vågå, dette går fram av Akershus lensrekneskap som viser sakefall i Vågå sokn. Eg har sett på saker i Nordherad, og ser at dei fleste sakene skriv seg frå kjønnsleg omgang utanom ekteskap. Men det var også mange valdssaker, her er oversikt over bøter for knivstikking:

- 1606. Jens Sande for han stakk Jon Valde med kniv: 4 Dlr.
- 1612. Steinar Sande for han stakk Jon Bøye eit knivsting: 7 ½ Daler 1 ort 2 sk.
- 1614. Steinar Sandbu for eit knivsting hand stakk Jon Helle som skjedde på Lye: 7 ½ Dlr 10 ort 2 sk.
- 1615. Mikkel Baardsen på Kvarberg for eit munnslag, han slo Fredrik Øy: 1 Dlr.
- 1615. Jakob Eriksen på Berge for eit blodsår han gjorde Endre Ulsbu i sin arm, med en kniv: 4 Daler.
- 1615. Knut Syversen på Viste (nigard) for eit blodsår han gjorde Engebret Pedersen på Valde i sin aksel: 4 Dlr.
- 1616. Jon Helle for eit knivsting han gav Steinar Sande: 7 ½ dlr 10 ort 2 sk.
- 1616. Engebret Pedersen på Valde gav Knut Syversen på Viste eit knivsting: 7 ½ dlr 10 ort 2 sk.
- 1623. Lars Helle for eit knivsting hand stakk Jon Øygaard: 7 ½ Dlr 10 ort 2 sk.
- 1628. Ola Sandnes for han stakk Jon Valde eit knivsting: 7 Dlr 11 ort.

I desse åra finn vi tre drapssaker med involverte frå Sande, Sandnes og Valde. I 1630 er nemnd bot 12 Daler til Trond Sandnes (sygard) som i nødverge slo i hel Johannes Dagsgard. Han er av skrivaren og 12 menn dømd til sin fred, dog for bot til den dødes arvinger etter loven, så og til Kongen.

«I 1619 hadde Per Eilevsen, dog av nødverge, slege i hel Jon Steffensen, og av 12 menn tilldømd sin fred, så og å bøte til Kongen 12 Daler.» Vi forstår dette slik at summen er ein kombinasjon av bot samt betaling for



Nordherad med Viste, Valde, Sande og Sandnes i 1947.

fredkjøp fram til sjølve rettssaka. «Per Sande som var årsak til same drap, vart tildømd å bøte til Kongen halvparten så mykje som drapsmannen: 6 Daler.» Ut frå korleis saka går vidare ser det ut til at også han betalte for fredkjøp fram til endeleg dom i drapssaka. Per Sande vart seinare dømd, for i 1621 fekk tidlegare lensmann Knut Holbø 5 Daler i bot for at «ein fange, nemleg Per Sande som var dømd frå livet, han av forsømmelse lot bryte sitt fengsel og siden bort rømde». Sande var leiglendingsbruk som tilhørde presten i Vågå fram til 1872. Per Sande er nemnd som brukar av Sande i landskattelistar 1617, 1618 og 1620. Men etter at Per Sande vart dømd og rømde har presten sjølv drivi Sande ei tid. I 1624 er det Her Erich, dvs. presten Erik Glad som er nemnd som brukar av Sande. I 1633 er det Her Christen, dvs. presten Christen Mule som er brukar.

1628-29 Annamidt Som Joenn Walde for nogenn Aar sidenn haffde wdj Foræring optagenn Aff Tore Toresønn, Som Jhielslog hanns Broder for Tore er dog dømbtt fra Liffuidt wdj sinn Rømmings Thiid, Och Jehn er sted thill Bøeder Huorfore Joenn Walde ey heller Burde saaledis Att

optage nogen foræring for sin Broders Banne, wdenn hannom nogen bøder Louligen Haffde werridt thilldømbtt, derforre werrendis, dett som Hand i Saa maade Oppeborridt haffde Burde thill Kong: Maytz: Att Werre Førbrutt Och Befandtis hoes Hannom ett Sølffstøb weyede. Sølff 12 (mark).

1630-31 Joenn Wallde haffuer for noegenn tid sidenn wdtaget en fangne Manddrabere, som hoes Boennde Lennsmandenn, war stragsligenn Sidendes, paa Sitt Liff effter hanns affuerhaaenn Domb. Och samme fange wille hollde wdj foruaring hoes Sig Selff effterdj hannd haffde taget hanns Broder aff dage, Och doeg for hannom wnderweigs ehr løes sloppenn, och wndwigt, Huorforre Joenn Wallde ehr tildømbt att schaffe samme Mand drabere igienn tillstede Jnden Aar och Daug, eller werre wdi hanns Steed, som till des iche scheid ehr, haffuer ieg derforre paa Øffrighedenns goede behoug Affsoenidt med honnom for Penninge 70 Dlr.

Dette betyr at i 1628-29 vart Jon Valde (nordgard) dømd fordi han for nokre år sidan hadde teke i mot erstatning/bot frå Tore Toresen som hadde slege i hel bror til Jon Valde. Tore var dømd frå livet sjølv om han var på rømmen. Men Jon Valde er ikkje tildømd noko «foræring», slik at det han i så måte hadde motteke burde gå til Kongeleg majestet, og han måtte da ut med eit sølvstaup som vog 12 mark. I 1630-31 er nemnd at Jon Valde hadde teke ut fangen frå lensmannen for å halde han i forvaring hjå seg sjølv, men at han har slept han laus. Jon Valde blir da dømd til å få tak i drapsmannen att, eller vera i hans stad. Men dette er ikkje skjedd og Jon Valde får derfor ei svært stor bot på 70 Daler. Til samanlikning kan det nemnast at Jon Valde var av dei som i 1628 lånte ut mest til Kongen, 150 lodd sølv som truleg tilsvarar 75 Daler. I tidlegare tider hadde partane ordna opp sjølve, men denne saka viser at nå var styresmaktene strenge på at berre dei hadde rett til å ordne opp i drapssaker og illeggje bøter.

Arkivet og doktorgradsavhandling

Opplandsarkivet avdeling Vågå er ein del av Gudbrandsdalsmusea og har i 2018 flytta frå gammelbanken til Ullinsvin. Arkivet vart oppretta i 1983 med grunnlag i dokumenta som alt var samla. Ivar Kleiven starta sist på 1800-talet å samle inn dokument i privat eige, og dette arbeidet vart vidareført av privatpersonar og historielag. Seinare er det kome til mykje meir, og det omfattande arkivmaterialet har gjeve grunnlag for eitt bygdabokverk og snart to doktorgradsavhandlingar. Den eine av desse er Mette Vårdals avhandling om uformelle relasjonar mellom embetsmenn, bønder og husmenn i Vågå ca. 1745-1844. Avhandlinga har namnet «Ligesaaavel i Vadmel som i Fløiel» og tek utgangspunkt i arkivsamlingane etter presten Johan Storm (1712-1776), bonden Torstein Håkenstad (1707-e.1752) og husmannen Bersvein Hansen (ca.1728-ca.1800) i Bersveinstugu. Elles er personarkivet ved avdelinga i Vågå organisert bl.a. i familiar som gjer det råd å sjå relasjonar på individnivå, noko som er grunnlaget for den mikrohistoriske undersøkinga som Vårdal har gjort.

Mette Vårdal skriv dette i førordet: «Et levende lokalhistorisk miljø i Vågå har vært avgjørende for arbeidet, både fordi et omfattende kilde-materiale er tatt vare på gjennom generasjoner, og fordi det er gjort tilgjengelig for forskning. Privatpersoner, historielaget og Norddalsarkivet har sørget for at det finnes en skattekiste med historiske dokumenter. Arkivleder Tor Stallvik har villig lånt ut og vært behjelpelig med transkripsjon, bygddebokforfatter Ivar Teigum og entusiaster som Gunnar Ottosen har delt sine funn og arkiver med meg. En helt spesiell takk til Ola Håkenstad og familien som har latt meg bruke gårdsarkivet, og til Johan Storm Munch og familien på Kleppe for å dele slekts-historien. Jørgen Espelund i Heidalen er den jeg kan takke for at kilde-materialet etter husmennene kunne aktiveres for analysens formål.»

Så vel i vadmél, som i fløyel og på stas


Av Torunn Kveen

I samband med disputas på universitetet i Bergen i september 2018 vart Mette Vårdal helsa av tidlegare kollegaer i Studieforbundet kultur og tradisjon med ein song, skrivi av Torunn Kveen:

(melodi: pengegaloppen)

Om du er stor, ell' du er liten
Du kan stå opp for eliten
Dette har Mette studert og fudert på,
undersøkt og funne tekst på
Brev på brev er lest og tenkt på
Ord og setning nøye sett på
Bønder og husmenn og adel
og lensmann,
Ja, faktisk presten sjølv
Ja, de bønda, ja, de bønda, så vel
i vadmél, som i fløyel og på stas.

Nå er det store arbeidet gjort
Hver stein er snudd og vi ser fort
At striden om benken i kirka, de lirka,
Til slutt han Torstein fikk plass
på klippa
Som konge han trona i kirkebenken
Kan tenke de andre kjente på lenken,
Men Bersvein Hansen han mente og svarte
Og stod opp for de små
Ja, de bønda, ja, de bønda, så vel i vadmél, som i fløyel og på stas.



Kan skjønne det var små og store
Noen tidde, andre fikk kløre
Så var det en styrke i små og mindre
Som deling, pålegg og krav ville lindre
Med kunnskap, innsikt og viljestyrke
Med stolthet, kraft i eget yrke
Med samspill og samtale, store og mindre
og stemmen nådde frem
Ja, de bønda, ja, de bønda, så vel i vadmél, som i fløyel og på stas.

I ubrøyta lende og over bruer
Har Mette forska i hull og på tuer
Til lykke i dag med et grundig arbeid
Med alle stier som gått og er nyfeid
Moralen er, som så ofte elles
At en ting har vi alle felles
Om vi lytter og mener og lirker og hjelper,
vi får det meste til
Ja, de bønda, ja, de bønda, så vel i vadmél, som i fløyel og på stas.



Bersvein-stugu ca. 1950.

Husmenn kunne ha ei aktiv rolle

Av Solrun Snilsberg

Det var trøngt om plassen i Sundstugu i Jutulheimen i Vågå da Mette Vårdal fortalde om doktorgradsavhandlinga si «Ligesaaavel i Vadmel som i Fløiel». Avhandlinga tek for seg relasjonar mellom embetsmenn, bønder og husmenn i Vågå. I doktorgradsavhandlinga si har Vårdal teke utgangspunkt i perioden 1745-1844. Ho har studert liva til soknepresten Johan Storm, bøndene Torstein og Ivar Håkenstad og husmannen Bersvein Hansen. Dei har alle etterlatt seg betydelege samlingar med private brev og dokument. - Eg håpar denne forskinga kan bidra til ny og utvida kunnskap, sa Vårdal under presentasjonen sin.

Vårdal sa at 1700-talet er så lenge sidan at vi ikkje har peiling på korleis det var. – Vi kan ikkje tenkje at vi snakka likt, og tenkte likt. Det har sett preg på forskinga mi. Eg kan ikkje tenkje at slik eg tenkjer, var det på 1700-talet,sa Vårdal. Ho har prøvde å finne ut kva folk tenkte på den tida. – Kva tenkte husmannen, og kvifor handla han som han gjorde. For å finne ut det, har eg gått bak kjeldene og prøvd å rekonstruere kjeldene. Vi veit det var skilnad på embetsmenn. Bersvein Hansen var ein krumtapp i forskinga mi. Han kjente både Torstein Håkenstad og Johan Storm, og eg visste at dei samarbeidde. Det stod i breva.

Det første Vårdal gjorde var å kartlegge og registrere folk i ein periode på 100 år. Det vart over 1.000 personar. – Eg lenka dei saman i slektskap og kvar dei budde, for å byggje opp eit nettverk og finne ut kven som samhandla – og kven som var relevante for meg. I avhandlinga si såg ho på tre ulike emne: økonomi, det sosiale og det kulturelle.

– Embetsmennene hadde mest pengar, bøndene hadde ein del pengar og husmennene har minst. Den største utfordringa var jord å dyrke på for å ha korn. Det var ganske mykje pengar i omløp. Men fordi det var så lite ressursar, fekk du ikkje brukt dei til noko særleg. Pengar var ikkje nødvendigvis den største verdien som gjorde at økonomien var ulik. Det handla meir om ressursar.

Skulegangen for husmennene var minimal. – Embetsmennene trengde arbeidskraft. På tinget brukte dei husmenn til å skrive. Husmennene hadde ikkje så mange saker på tinget, så dei stod friare til å skrive. Det var slik Bersvein Hansen lærte seg å skrive. Vårdal sa at ein husmann lærte å skrive ved at han sat på sorenskrivaren sitt kontor. – Det var ikkje folk utanfrå, men folk i bygda som hjalp til hjå embetsmennene.

Vårdal gjorde greie for at innan det sosiale var det strenge strukturar. Bønder gifta seg med bønder, og embetsmenn med embetsmenn. – Det var ein viss mobilitet. Fleire embetsmenn gifta seg med husmannsdøtre i Vågå. Eg har sett på kven dei valde som fadrar. Familiane var fadrar for kvarandere. Men berre i ein generasjon. Det etablerte seg raskt to klasser, og da telte det ikkje lenger kven ein var i familie med. Det viser kor brutalt samfunnet var, og kor viktig det var å markere den tilhørigheita ein hadde. Ho har også sett på konflikhtar. – Embetsmennene var her først og fremst for å regulere verksemda til bøndene, som hadde ansvar for mykje og eigde lokalsamfunnet. Mellom bønder og embetsmenn var det mange konflikhtar. Mellom husmenn og embetsmenn var det mykje mindre konflikhtar. Husmennene hadde ikkje så mange saker på tinget, og ikkje så mykje å tape.

Vårdal konkluderer i avhandlinga med at også kunnskapsrike og driftige husmenn kunne ta ei aktiv rolle i bygdesamfunna på 1700-talet. Saman med embetsmenn og bønder kunne dei utgjere ei lokal, samansett elite. Dette var personar som var viktige for lokalsamfunnet. Dei fortolka påbod og endringar, enten som motstandarar eller pådrivarar, og hadde stor betydning for konfliktnivå og løysing på forskjellige oppgåver lokalt.

Også publisert i «Norddalen».

Ivar Kleivens testament

Underskrivne Ivar Jakobsson Kleiven som ikkje har livsarvingar fastset hermed at det er min siste vilje at det med det som er att etter meg av medel av alle slag når eg fell burt skal skipast soleis som her er oppsett:

1. Kleivlien med Kleivsæter med bu og bøle, krytyr, innbu, reide penning og uteståande krav skal gjerast til eit fond til innsamling av folke- og kulturminner og til mogleg innkjøp av ting, som høver for bygdamuseer. Når dette fondet har nått upp til ein sum som fondstyret ein gong for alle har fastsett skal tri fjordedeler av rentom, eller så stor sum som styre finn tenlegast, årleg nyttast. Fondet skal tilhøre og nyttast av Gudbrandsdalens historielag og styrast ette regler som formennene i Gudbr.dalens historielag og Vågå historielag arbeidar ut. Fonde kjem fyrst i verksemd når bue er oppgjort og avslutta tå di oppnemnde testamentfullbyrdarom og bror min Pål J. Kleiven er burtfallen.

2. Av dette fonde skal fyrst og fremst bror min Pål Jakobsson Kleiven forsørgjast på ein høveleg måte med husver, føde klæder og røkt og pass til sin døyanddag. Røkk ikkje fonde til til dette formåle har sjølsagt Gudbr.dalens historielag ingor plikt eller ansvar på seg vidare mot honom.

3. Desse her uppskrivne ting skal høyre Vågå historielag til:

- A. ei ottedågåas slagklukke etter Sjugur Ølstad med måla, utskore og forgylt klukkhus.
- B. ei jønna, låsferdig og måla kiste etter «Gamel-Kristen» Bjørnstad på utskore og måla fot, kista har årstale 1718 og bokstavenr C.P.S.
- C. eit utskore og måla ferdeskrin med bokstavane S.T.S. på loket
- D. ei flintlåsrifle, reinsrifle etter far min, stålpipe og stokk har han sjølv arbeidt og med namne hans I I S S og årstale 1848 inngrave på kista.
- E. ei Østerdalsrifle etter børsmakeren Ingebret Ingebretsen Koppang utbora til haglbørse, forutan lås med årstale 1741.
- F. krutty som har tilhøyrt Jo Gjende, mote er av massing, utgrave og med bokstavom T.J.S. (Tjøstel Jonsen Kleppe) og årstale 1754 under botnen.

- G. ein utskoren grautember arbeidt av far med namne Jakob Iversen Snerle på undersida av låket.
- H. otte tollknive i kasse, numra og med ei skrivin liste vedlagt.
- I. 2 hengjelås etter Erland Lien, det eine med no.2 på bøjlen.
- J. eit utskore og måla skåp i peisstugun med bokstavom I.C.S. og års tale 1793 på skåpkollen, 3 kubbestole og eit bord på utskorinn stabbe, ein utskorin stol med årstale 1800 bakpå brugda, ein stor sylvhalsknapp med utgrave overplate som far min har arbeidt, ei utskore rohylle med nogre ting som uppskrivi på ei serskilt liste, ei bronsemedalje for neverarbeid frå ei husflidsutstilling i Kristiania og kongens fortенestmedalje i guld for folkeminnegransking.
- K. norske ordbøker, håndskrivne avskriftbøker frå riksarkiv og stiftsarkiv med vidare, prenta og uprenta manuskript og alle dei bygda bøker eg har frå ymse bygder i landet og ei mappe med gamle håndskrivne dokumenter, brevkifting med kjente menn vedkomande bygdagransking og bygdakultur, derimillom nogre frå Hans Pillarviken til Frik Haugen, eit bokskåp i tvo høgder følgjer med.

4. Alle dei andre bøkerne som er att etter meg skal brorsonen min lærar Jakob I. Kleiven erve, likeeins skal han erve 4 sylvskjeier arbeidt av sylvsmed C.N.Dahlberg og med namne han far J.I.S. bakpå skaftet og ei fløytause på gamal gjerd eg har fått på De Sandvikske samlinger, likeeins skal han erve dei bilæte og målarstykke som eg eig og dei raderinger og veggjebilæte eg har, men bilæte av mor mi etter Kr.Holbø skal Pål bror min erve.

5. Systerdotter mi, Ida Fredriksen, skal erve ei mindre fløytause og 4 sylvskjeier med namne J.I.S.

6. Ure mitt, eit guldur, gåve frå lærarom i Vågå, skal systersonen min Ivar Kleiven Nygård erve.

7. Dei andre sylvsaker som eg har skal delast etter vedlagt liste.

8. Bror min Hans J. Kleiven skal erve ein måla arbeidsbenk med 3 skuffer og ein sløidbenk, alt med høveleg arbeid slikt som snikker-ambo og anna verkty.

9. Alle dei ting som her er nemnde skal vera samla på Kleivsæter

så lengje som Pål bror min bli buande der og testamentfuldbyrdarne finn det tenleg og forsvarleg, men bøker og andre brevsaker Vågå historielag skal ha etter bokstav K. skal lage straks overta, når eg fell burt.

10. Den rett eg mogleg kan ha i bu og nauster og fiskeredskaper ved Flatningen skal tilfalle min bror Pål J. Kleiven.

11. Det eg mogleg har til gode av Pål Nygård gjev eg etter.

12. Til testamentfuldbyrdere som skal ordne med det som er att etter meg såleis som her er fråsaugt og som skal fastsetja når og på kva måte eigedelan og lausøre som ikkje er nemnt serskilt skal avhendast med vidare og som samstundes skal vera rådgjevare for bror min Pål Kleiven oppnemner eg: 1. Gårdbruker Hans P. Tolstad, 2. Gårdbruker Knut Hammer, 3. skogforvalter S. Wolrath med desse varamenn: 1. den til kvar tid valde formann i Gudbrandsdalens historielag, 2. gårdbruker Anders Nystuen, 3. Gårdbr. Gudbrand Skår.

13. Testamentfullbyrderne har rett til å brigde på enkelte mindre ting i dette arvebrevet og som dei finn er høvelege og gagnlege for ervingom og fonde.

Vågåmo 30. juni 1930
Ivar Kleiven

Vi bekrefter som tilkaldte vidner at dette testament i dag i vårt nærvær langsamt og tydelig er oplest for Ivar J. Kleiven, som derefter vedtok og underskrev det.

Vågåmo 30. juni 1930.
O. Strandli.
Sigrid Wolrath.

Dokumentet er ei avskrift frå 1939 og finst i arkivet til Gudbrandsdal historielag, Opplandsarkivet avd. Maihaugen.

Vågå Historielag 90 år

Dag Aasheim har skrivi av frå protokollen

Aar 1929 den 23 februar holdtes møte i Vågå Sparebank til drøftelse av spørsmålet om dannelse av et historielag for bygden. Møtet var sammenkaldt av Ole Kvarberg, Hans Tolstad og Simen Wolrath efter henstilling derom, av formannen i styret for Gudbrandsdalen Historielag. Der besluttet enstemmig at der skal dannes et lag for bygden med navn av Vågå Historielag.

Love for selskapet blev vedtatt efter utkast, utarbeidet av Ivar Kleiven. Den årlige kontingent blev fastslått til 1 kr., livsvarige kr 10.

Følgende fjordingsmenn blev valgt:

| | |
|-----------------------------|------------------------|
| <i>Ottodalen og Lalm</i> | <i>Pål Th. Nygård</i> |
| <i>Sjårdalen</i> | <i>Tor Holbø</i> |
| <i>Nedre Finntryun</i> | <i>G.G. Sandbu</i> |
| <i>Øvre «</i> | <i>Anders Svare</i> |
| <i>Nordherred solside</i> | <i>A. Skrede</i> |
| <i>« bakside</i> | <i>Kaspar Øvstedal</i> |
| <i>Som kasserer valgtes</i> | <i>O. Ruistuen.</i> |

S. Wolrath valgtes til å sammenkalde til første styremøte til valg av formann m.v. Han blev videre pålagt å innføre lagetets lover i protokollen efter møtes slut.

S. Wolrath, Paal Th. Nygaard, Jo Nordahl, O. Strandli, Ole Kvarberg, Kaspar Øvstedal, Rasmus Øvreeide, O. Ruistuen, Jakob Vetleseter, Thorbjørn Wentzel

Ár 1929 um 23 febrúar hóldist mót í Vágo Spari.
Lána þi dröflesu og spissmátt um dannaðan og í
Eistorialag fyrir bygn. Mátur var sammunnað og Óli
Korring, Jónas Tassad og S. Mórach eftir fundstíðing
desum og formanni; stjórn for Eistiorialag.

Ör hefurliðes einstummig og dröflesu dannaðan í
lag fyrir bygn með nafni og

Vágo Eistorialag

door for selokapit llus verfall eftir utkast, ut.
orliidd og Fuar kleivun. Örn öfíge komvígund
llus fastsai þi 1kr. leiovarige kr. 10.

Falgnur fjörvíggnun llus vaegt.

- | | |
|---------------------|-------------------|
| 1. Oettdelm og Valm | Paal Th. Nygaard. |
| 2. Þjárdalm | Vor Hollo. |
| 3. Nedre Trintzen | G. G. Sandtli |
| 4. Fore | Andrus Svare. |
| 5. Nordenes solside | A. Skrede |
| 6. N. kassid | Kasper Gortedal. |

Som kassur vaegt O. Rieistrom.

S. Mórach vaegt þi sammunnað þi fjörst
stjörvot þi vaegt og formann u. v. Nam llus vider
pálagt o' mífíre lagets loov; protokolun. eftir
mötis slud.

S. Mórach. Paal Th. Nygaard Jaktordale

O. Strandli Ma/Kaebung. Jagganfontale

Rasmus Qvareid. O. Rieistrom Jakkol. Kellertale

Thygn. D. S. S.

Styre i historielaget gjennom 90 år.

Første åra var styret fjordingsmenn frå kvar grend. Med nye lover 1942 vart det tre styremedlemmar med personlege varamedlemmar, frå 2008 vart det fem styremedlemmar og tre varamedlemmar. Varamedlemmane etter 1942 har truleg for det meste fungert i styret på lik line med styremedlemmane. Valdato står bak årstalet. Ein del år har det ikkje vore årsmøte, styret har dermed fortsett å fungere og det er ingen valdato. Formann (f), nestformann (n), styremedlem (s), varamedlem (v).

1929 23.2. Anders Skrede (f), Kaspar Øvstedal (n), Pål Th. Nygård (s), Tor Holbø (s), Jakob O. Sandbu (s), Anders Svare (s).

Guttorm G. Sandbo sa nei til vervet på konstituerande møte 26.2. og Jakob O. Sandbu (broren?) vart vald i staden.

1930 12.4. Simen Wolrath (f), Kaspar Øvstedal (n), Pål Th. Nygård (s), Tor Holbø (s), Jakob J. Sandbu (s), Anders Skrede (s).

1931 16.5. S. Wolrath (f), Pål Th. Nygård (n), Knut Snerle (s), Kaspar Øvstedal (s), Jakob J. Sandbu (s), Anders Skrede (s).

1932 S. Wolrath (f), Pål Th. Nygård (n), Knut Snerle (s), Kaspar Øvstedal (s), Jakob J. Sandbu (s), Anders Skrede (s).

1933 S. Wolrath (f), Pål Th. Nygård (n), Knut Snerle (s), Kaspar Øvstedal (s), Jakob J. Sandbu (s), Anders Skrede (s).

1934 jan. Anders Skrede (f), Jo Nordahl (n), Ola Lunde (s), Knut Snerle (s), Syver Brun (s), Jakob J. Sandbu (s).

1935 22.12.1934. Jakob J. Sandbu (f), S. Wolrath (n), Knut Snerle (s), S. Frisvold (s), Ola Lunde (s), Syver Brun (s).

1936 Jakob J. Sandbu (f), S. Wolrath (n), Knut Snerle (s), S. Frisvold (s), Ola Lunde (s), Syver Brun (s).

1937 3.4. Jakob J. Sandbu (f), S. Wolrath (n), Knut Snerle (s), S. Frisvold (s), Ola Lunde (s), Syver Brun (s).

- 1938** Jakob J. Sandbu (f), S. Wolrath (n), Knut Snerle (s), S. Frisvold (s), Ola Lunde (s), Syver Brun (s).
- 1939** 5.11.1938. S. Wolrath (f), S. Frisvold (n), Knut Snerle (s), Jakob J. Sandbu (s), E. S. Berge (s), Syver Brun (s).
- 1940** 17.1. Jakob J. Sandbu (f), Kaspar Øvstedal (n), Knut Snerle (s), Sigurd Stokstad (s), E. S. Berge (s).
- 1941** 14.3. Jakob J. Sandbu (f), Kaspar Øvstedal (n), Iver Ryen (s), Sigurd Stokstad (s), E. S. Berge (s).
- 1942** 22.4. G. G. Sandbo (f), Kaspar Øvstedal (n), Ola Ruistuen (s), Syver E. Berge (v), Ingvald Kleiven (v), S. Frisvold (v).
- 1943** G. G. Sandbo (f), Kaspar Øvstedal (n), Ola Ruistuen (s), Syver E. Berge (v), Ingvald Kleiven (v), S. Frisvold (v).
- 1944** G. G. Sandbo (f), Kaspar Øvstedal (n), Ola Ruistuen (s), Syver E. Berge (v), Ingvald Kleiven (v), S. Frisvold (v).
- 1945** G. G. Sandbo (f), Kaspar Øvstedal (n), Ola Ruistuen (s), Syver E. Berge (v), Ingvald Kleiven (v), S. Frisvold (v).
- 1946** 25.4. Ivar Sjøstad (s), Ola Ruistuen (n), G. G. Sandbo (s), S. Frisvold (v), Jakob J. Sandbu (v), Knut Ljøsne (v).
- 1947** 19.2. G. G. Sandbo (f), Ingvald Kleiven (n), Ola Ruistuen (s), Jakob J. Sandbu (v), Kristian Sveen (v), Arne Mohn (v).
- 1948** 22.2. Jakob J. Sandbu (f), Ingvald Kleiven (n), Ola Ruistuen (s), G. G. Sandbo (v), Kristian Sveen (v), Ingeborg Berge (v).
- 1949**, 29.4. Jakob J. Sandbu (f), Torkill Kvarberg (n), Ingvald Kleiven (s), G. G. Sandbo (v), Kristian Sveen (v), Ingeborg Berge (v).
- 1950**, 4.4. Jakob J. Sandbu (f), Torkill Kvarberg (n), Ingvald Kleiven (s), Ola Kvarberg (v), Kaspar Øvstedal (v), Kristian Sveen (v).

- 1951**, 27.4. Jakob J. Sandbu (f), Torkill Kvarberg (n), Ingvald Kleiven (s), Ola Kvarberg (v), Kaspar Øvstedal (v), Kristian Sveen (v).
- 1952** 28.6. Jakob J. Sandbu (f), M. Høgåsen (n), Ingvald Kleiven (s), Ola Kvarberg (v), Kaspar Øvstedal (v), Kristian Sveen (v).
- 1953**, 15.4. Jakob J. Sandbu (f), M. Høgåsen (n), Ingvald Kleiven (s), Arnfinn Uppheim (v), Kaspar Øvstedal (v), Kristian Sveen (v).
- 1954** 9.4. Jakob J. Sandbu (f), M. Høgåsen (n), Ingvald Kleiven (s), Olav Råstad (v), Arnfinn Uppheim (v), Ola H. Snerle (v).
- 1955** 28.4. Olav Råstad (f), Jakob J. Sandbu (n), Ingvald Kleiven (s), M. Høgåsen (v), Arnfinn Uppheim (v), Ola H. Snerle (v).
- 1956**, 4.11. Olav Råstad (f), Jakob J. Sandbu (n), Ingvald Kleiven (s), M. Høgåsen (v), Arnfinn Uppheim (v), Ola H. Snerle (v).
- 1957** Olav Råstad (f), Jakob J. Sandbu (n), Ingvald Kleiven (s), M. Høgåsen (v), Arnfinn Uppheim (v), Ola H. Snerle (v).
- 1958** Olav Råstad (f), Jakob J. Sandbu (n), Ingvald Kleiven (s), M. Høgåsen (v), Arnfinn Uppheim (v), Ola H. Snerle (v).
- 1959** Olav Råstad (f), Jakob J. Sandbu (n), Ingvald Kleiven (s), M. Høgåsen (v), Arnfinn Uppheim (v), Ola H. Snerle (v).
- 1960** Olav Råstad (f), Jakob J. Sandbu (n), Ingvald Kleiven (s), M. Høgåsen (v), Arnfinn Uppheim (v), Ola H. Snerle (v).
- 1961** Olav Råstad (f), Jakob J. Sandbu (n), Ingvald Kleiven (s), M. Høgåsen (v), Arnfinn Uppheim (v), Ola H. Snerle (v).
- 1962** Olav Råstad (f), Jakob J. Sandbu (n), Ingvald Kleiven (s), M. Høgåsen (v), Arnfinn Uppheim (v), Ola H. Snerle (v).
- 1963** 31.7. Trygve Håkenstad (f), Per I. Kleiven (n), Erling Sagsletten (s), Pål Ø. Kvarberg (v), Jakob Brekken (v), Kari I. Helden.

1964 26.2. Trygve Håkenstad (f), Per I. Kleiven (n), Erling Sagsletten (s), Pål Ø. Kvarberg (v), Jakob Brekken (v), Aadne Haraldseth (v).

1965 25.2. Trygve Håkenstad (f), Per I. Kleiven (n), Erling Sagsletten (s), Pål Ø. Kvarberg (v), Jakob Brekken (v), Aadne Haraldseth (v).

1966 28.2. Trygve Håkenstad (f), Per I. Kleiven (n), Erling Sagsletten (s), Pål Ø. Kvarberg (v), Jakob Brekken (v), Aadne Haraldseth (v).

1967 28.2. Trygve Håkenstad (f), Per I. Kleiven (n), Erland Grev (s), Pål Ø. Kvarberg (v), Jakob Brekken (v), Aadne Haraldseth (v).

1968 20.2. Trygve Håkenstad (f), Erland Grev (n), Per I. Kleiven (s), Pål Ø. Kvarberg (v), Jakob Brekken (v), Aadne Haraldseth (v).

1969 29.3. Trygve Håkenstad (f), Erland Grev (n), Per I. Kleiven (s), Pål Ø. Kvarberg (v), Jakob Brekken (v), Aadne Haraldseth (v).

1970 28.4. Trygve Håkenstad (f), Erland Grev (n), Per I. Kleiven (s), Pål Ø. Kvarberg (v), Jakob Brekken (v), Aadne Haraldseth (v).

1971 29.4. Trygve Håkenstad (f), Erland Grev (n), Per I. Kleiven (s), Pål Ø. Kvarberg (v), Jakob Brekken (v), Aadne Haraldseth (v).

1972 12.4. Trygve Håkenstad (f), Erland Grev (n), Ola H. Hanslien (s), Pål Ø. Kvarberg (v), Aadne Haraldseth (v), Kari O. Storvik (v).

1973, 5.5. Trygve Håkenstad (f), Erland Grev (n), Ola H. Hanslien (s), Pål Ø. Kvarberg (v), Aadne Haraldseth (v), Kari O. Storvik (v).

1974 30.4. Trygve Håkenstad (f), Erland Grev (n), Ola H. Hanslien (s), Pål Ø. Kvarberg (v), Aadne Haraldseth (v), Kari O. Storvik (v).

1975 ?. Trygve Håkenstad (f), Erland Grev (n), Ola H. Hanslien (s), Pål Ø. Kvarberg (v), Aadne Haraldseth (v), Kari O. Storvik (v).

1976 30.3. Trygve Håkenstad (f), Erland Grev (n), Ola H. Hanslien (s), Pål Ø. Kvarberg (v), Aadne Haraldseth (v), Kari O. Storvik (v).

1977 26.4. Trygve Håkenstad (f), Erland Grev (n), Ola H. Hanslien (s), Pål Ø. Kvarberg (v), Aadne Haraldseth (v), Kari O. Storvik (v).

1978 25.4. Erland Grev (f), Trygve Håkenstad (n), Ola H. Hanslien (s), Pål Ø. Kvarberg (v), Aadne Haraldseth (v), Kari O. Storvik (v).

1979 27.4. Erland Grev (f), Trygve Håkenstad (n), Ola H. Hanslien (s), Oddrun Kvarberg (v), Pål Ø. Kvarberg (v), Kari O. Storvik (v).

1980 28.3. Erland Grev (f), Trygve Håkenstad (n), Ola H. Hanslien (s), Oddrun Kvarberg (v), Pål Ø. Kvarberg (v), Kari O. Storvik (v).

1981 3.3. Erland Grev (f), Trygve Håkenstad (n), Ola H. Hanslien (s), Oddrun Kvarberg (v), Øistein Kvarberg (v), Kari O. Storvik (v).

1982 29.3. Erland Grev (f), Trygve Håkenstad (n), Ola H. Hanslien (s), Oddrun Kvarberg (v), Øistein Kvarberg (v), Kari O. Storvik (v).

1983 24.3. Erland Grev (f), Ola H. Hanslien (n), Trygve Håkenstad (s), Oddrun Kvarberg (v), Øistein Kvarberg (v), Kari O. Storvik (v).

1984 9.4. Erland Grev (f), Ola H. Hanslien (n), Trygve Håkenstad (s), Oddrun Kvarberg (v), Øistein Kvarberg (v), Kari O. Storvik (v).

1985 11.4. Erland Grev (f), Ola H. Hanslien (n), Trygve Håkenstad (s), Oddrun Kvarberg (v), Øistein Kvarberg (v), Kari O. Storvik (v).

1986 18.4. Erland Grev (f), Eirik Haugen (n), Ola H. Hanslien (s), Oddrun Kvarberg (v), Gunnar Sandbo (v), Kari O. Storvik (v).

1987 10.4. Erland Grev (f), Eirik Haugen (n), Gunnar Sandbo (s), Oddrun Kvarberg (v), Kari O. Storvik (v).

1988 26.2. Erland Grev (f), Eirik Haugen (n), Gunnar Sandbo (s), Oddrun Kvarberg (v), Hans Kleiven (v), Kari O. Storvik (v).

1989 20.4. Erland Grev (f), Eirik Haugen (n), Gunnar Sandbo (s), Oddrun Kvarberg (v), Hans Kleiven (v), Kari O. Storvik (v).

1990 20.3. Eirik Haugen (f), Erland Grev (n), Gunnar Sandbo (s), Oddrun Kvarberg (v), Hans Kleiven (v), Kari O. Storvik (v).

1991 11.4. Eirik Haugen (f), Erland Grev (n), Gunnar Sandbo (s), Oddrun Kvarberg (v), Hans Kleiven (v), Kari O. Storvik (v).

1992 15.7. Rolv Fritsvold (f), Eirik Haugen (n), Gunnar Sandbo (s), Georg Gjevre (v), Ivar Valdvik (v), Kari O. Storvik (v).

1993 26.2. Leif Løchen (f), Eirik Haugen (n), Rolv Fritsvold (s), Oddrun Kvarberg (v), Ivar Valdvik (v), Georg Gjevre (v).

1994 22.3. Ivar Aasgaard (n), Rolv Fritsvold (s), Oddrun Kvarberg (v), Ivar Valdvik (v), Georg Gjevre (v).

1994 6.5. Ivar Aasgaard (f), Rolv Fritsvold (n), Sigmund Ryen (s), Ivar Valdvik (v), Georg Gjevre (v), Jan Fonstad (v).

1995 24.2. Ivar Aasgaard (f), Sigmund Ryen (n), Kari Hjellum (s), Ivar Valdvik (v), Jan Fonstad (v), Georg Gjevre (v).

1996 1.3. Sverre Damstuen (f), Ivar Aasgaard (n), Kari Hjellum (s), Kari Nestande (v), Ivar Valdvik (v), Georg Gjevre (v).

1997 12.3. Ivar Aasgaard (f), Sverre Damstuen (n), Kari Hjellum (s), Erik Kvarberg (v), Kari Nestande (v), Georg Gjevre (v).

1998 26.2. Ivar Aasgaard (f), Sverre Damstuen (n), Jostein Smedsmo (s), Erik Kvarberg (v), Kari Nestande (v), Georg Gjevre (v).

1999 24.3. Georg Gjevre (f), Jostein Smedsmo (n), Ivar Aasgaard (s), Sylfest Storlien (v), Else Hoff (v), Erik Kvarberg (v).

2000 17.3. Georg Gjevre (f), Jostein Smedsmo (n), Reidun Sønstelien (s), Sylfest Storlien (v), Else Hoff (v), Dag Aasheim (v).

2001 22.3. Georg Gjevre (f), Jostein Smedsmo (n), Reidun Sønstelien (s), Sylfest Storlien (v), Else Hoff (v), Dag Aasheim (v).

- 2002** 22.3. Georg Gjevre (f), Jostein Smedsmo (n), Reidun Sønstelien (s), Sylfest Storlien (v), Ivar Aasgaard (v), Dag Aasheim (v).
- 2003** 20.3. Georg Gjevre (f), Jostein Smedsmo (n), Reidun Sønstelien (s), Sylfest Storlien (v), Ivar Aasgaard (v), Dag Aasheim (v).
- 2004** 25.3. Georg Gjevre (f), Jostein Smedsmo (n), Reidun Sønstelien (s), Sylfest Storlien (v), Ivar Aasgaard (v), Dag Aasheim (v).
- 2005** 2.3. Georg Gjevre (f), Jostein Smedsmo (n), Reidun Sønstelien (s), Sigmund Ryen (v), Ivar Aasgaard (v), Dag Aasheim (v).
- 2006** 15.3. Georg Gjevre (f), Jostein Smedsmo (n), Reidun Sønstelien (s), Sigmund Ryen (v), Ivar Aasgaard (v), Inger Gundersen (v).
- 2007** 26.4. Knut Raastad (f), Georg Gjevre (n), Reidun Sønstelien (s), Ivar Aasgaard (v), Sigmund Ryen (v), Inger Gundersen (v).
- 2008** 12.3. Knut Raastad (f), Dag Aasheim (n), Håkon Ulsand (s), Arne R. Strand (s), Reidun Sønstelien (s), Einar Hårstad (v), Bjula Ulsletten (v), Even Lusæter (v).
- 2009** 6.3. Knut Raastad (f), Dag Aasheim (n), Håkon Ulsand (s), Arne R. Strand (s), Reidun Sønstelien (s), Bjula Ulsletten (v), Even Lusæter (v), Jonny Brenden (v).
- 2010** 10.4. Knut Raastad (f), Dag Aasheim (n), Håkon Ulsand (s), Arne R. Strand (s), Reidun Sønstelien (s), Bjula Ulsletten (v), Even Lusæter (v), Jonny Brenden (v).
- 2011** 11.3. Knut Raastad (f), Dag Aasheim (n), Håkon Ulsand (s), Arne R. Strand (s), Reidun Sønstelien (s), Bjula Ulsletten (v), Even Lusæter (v), Jonny Brenden (v).
- 2012** 29.2. Knut Raastad (f), Dag Aasheim (n), Håkon Ulsand (s), Arne R. Strand (s), Reidun Sønstelien (s), Bjula Ulsletten (v), Even Lusæter (v), Jonny Brenden (v).

2013 8.3. Knut Raastad (f), Dag Aasheim (n), Håkon Ulsand (s), Arne R. Strand (s), Reidun Sønstelien (s), Bjula Ulsletten (v), Even Lusæter (v), Jonny Brenden (v).

2014 14.3. Knut Raastad (f), Dag Aasheim (n), Olav Ragnar Øien (s), Arne R. Strand (s), Reidun Sønstelien (s), Bjula Ulsletten (v), Even Lusæter (v), Jonny Brenden (v) Håkon Ulsand (v).

2015 11.3. Knut Raastad (f), Dag Aasheim (n), Even Lusæter (s), Bjula Ulsletten (s), Arne R. Strand (s), Reidun Sønstelien (v), Harald S. Bjørndal (v), Jonny Brenden (v) Håkon Ulsand (v).

2016 9.3. Knut Raastad (f), Dag Aasheim (n), Even Lusæter (s), Bjula Ulsletten (s), Randi Damstuen (s), Reidun Sønstelien (v), Harald S. Bjørndal (v), Jonny Brenden (v) Håkon Ulsand (v).

2017 8.3. Knut Raastad (f), Dag Aasheim (n), Even Lusæter (s), Rønnaug Siem Hammer (s), Steinar Løkken (s), Jonny Brenden (v) Håkon Ulsand (v).

2018 14.3. Knut Raastad (f), Dag Aasheim (n), Even Lusæter (s), Rønnaug Siem Hammer (s), Steinar Løkken (s), Elin Grev (v), Ola Stokstad (v), Jens Hagen (v).

Vågå Historielag: Årsmelding 2018

Arrangement

Historielaget har hatt fleire foredrag / kveldsseto i Jutulheimen. Steinar Moldal heldt foredrag om det å lafte. Ole Kristian Ødegård lanserte si nye bok om Jo Gjende, og ein annan kveld tok han for seg historia om fedrifter frå Jotunheimen til Kristiania. Syver Berge fortalde om si tid i politikken, og det vart også ein gjennomgang av alle stortingsmenn frå Vågå. Historielaget arrangerte lansering av Årbok for Gudbrandsdalen der Jakup Skjedsvoll prata om opphavet til allmenningane og Ola Grøslund om Vinje. Mette Vårdal og Ivar Teigum presenterte doktoravhandlinga til Mette Vårdal med særleg fokus på arkivet etter husmannen Bersvein Hansen. Vegard Veierød tok for seg Paul Kleiven og livet på Kleivsetra, medan Hans Sandviken prata om utviklinga frå sist på 1800-talet. Også dette året var det fotokveld med framvising av gamle bilder.

Historielaget har hatt fleire arrangement utanom Jutulheimen også. Kvalfangarar frå Lalm var tema på kveldsseto på Lalm samfunnshus. Det var omvisning i kyrkja ved Martin Kleiven, og turar til Tronhus og Hindsæter der vertsskapet viste rundt og fortalde historia.

Jutulheimen

Det er Gudbrandsdalsmusea as som står for drifta av Jutulheimen. Vågå Historielag er aksjeeigar i Gudbrandsdalsmusea as og er aktivt med i planleggjing og drøfting av vedlikehald, drift og utstillingar. Historielaget har fått samlinga av folkemusikkinstrument etter Leif Løchen og delar av denne er utstilt i Jutulheimen. Gudbrandsdalsmusea har dette året flytta inn i nyoppussa kommunale kontorlokaler i kjellaren på låven i Ullinsvin.

Prestgarden

Delar av hovudbygningen er utleigd til husflidslaget som har stor aktivitet der. Det har i året vore vedlikehald av kjellaren og kjøkkenet i paktarbustaden, huset har vore brukt noko ved fleire arrangement. Låven,

fjøset og studeren har også vore brukt ved utstillingar. Bakaromnen i eldhuset er teke i bruk. Bokhandeln kafe har drivi Cafe Edvard og hatt konsertar. Kommunen har prosjektleiar for å få til aktivitet i prestgarden, historielaget har delteke i utviklingsarbeidet.

Prestgardshågein

Hagegruppa i historielaget er organisert slik at ansvar for stell, luking, vatning mm. er fordelt for kvar veke. Også plenklipping samt raking og rydding både i hagen og på tunet er utført på dugnad. Det har vore omvisning av mange grupper denne sommaren. Unn og Birger Bostad har stått i spissen for hagegruppa i fleire år, nå har Kari Hølmo Holen (leiar), Magnhild Råstad og Livø Hosar overteke leiinga.

Ullinsvin AS

Det heileigde selskapet Ullinsvin AS står for utbyggjing og eigarskap av nybygg i prestgarden. Kjellaren skal huse museumsmagasin og arkiv, og råbygget der er ferdig. Oppe på dette skal det byggjast utstillingsrom og toalett, og arbeidet med dette er i gang. Stor gåve frå sveitsisk norgesvenn gjer byggjinga mogleg, det er også tilskot frå Sparebank 1 Lom og Skjåk, fylkeskommunen, regionrådet, Stiftelsen UNI og gåveforsterkingsmiddel frå kulturdepartementet. Gudbrandsdalsmusea skal stå for drift av magasinet, medan det blir stifta eit nytt aksjeselskap som skal få til utstillingar m.m. Ullinsvin AS har same styre som historielaget.



Laget ellers

Frå årsmøtet 14. mars 2018 har styre vore dette:
styreleiar Knut Raastad, nestleiar Dag Aasheim, styremedlemmar Rønnaug Siem Hammer, Even Lusæter og Steinar Løkken, varamedlemmar Elin Grev, Ola Stokstad og Jens Hagen.

Det har i året vore 11 styremøter, og varamedlemmane møter på lik line med styremedlemmane. Laget har 420 medlemmar.

Syver Berge og Sigurd Nestande fekk avløyning etter 11 år som revisorar, nye er Astrid Sandbu og Gunnar Sandbo.

Valnemnd er Einar Hårstad, Anne Silje Berg og Anne Grøslund. Trond Ole Haug er styremedlem i Gudbrandsdalsmusea as.

Historielaget er medlem i Gudbrandsdal historielag Dølaringen, Ola Grøslund er styremedlem og Knut Raastad er revisor.

Nils Valde styrer heimesida vaagaa-historielag.org og skannar og legg ut innsamla gamle bilete. På heimesida er det ei mappe med gards- og slektshistorie.

God oppslutning om frivillige medlemspengar gjer utgjeving av årsskriftet Jutulen mogleg med utsending til alle medlemmane, i tillegg er skriftet utlagt for salg. Historielaget kostar pynting av gravene til Ivar Kleiven, Trond Eklestuen og Jo Gjende.

Pulløybua er bortleigd som anneks til nabohytta. Nordheradsprosjektet disponerer Flåten. Buene ved Gjendeosen har ved fleire høve vore framvist for turistar. Buene vil kunne lånast ut til historielags-medlemmar.

Styret takkar samarbeidspartar og medlemmar i laget for god hjelp og støtte i året 2018.